




Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Bygland kommune



Årsmelding 2019

Vedteke dokument
Kommunestyret PS 19/20, den 14.05.20



KOMMUNEDIREKTØREN HAR ORDET

Vi har no kome så langt at vi skal gjere opp status for 2019. I året som ligg bak oss har tilsette, innbyggjarar og politikarar løfta i lag og fått løyst mange store og små saker. Det har vore mykje å glede seg over. Vi må halde fram med det gode samarbeidet og dialogen med dei tilsette, brukarar og politikarar for å få ei felles forståing og løysing på utfordringane. Den største utfordringa er framleis å stimulere til auke i folketalet i kommunen.

Økonomi

Rekneskapsrapporten for 2019 viser eit meirforbruk på kr 1.183.448. I tillegg var det budsjettert med å sette av kr 1.025.799 til disposisjonsfond i 2019. På grunn av svakt rekneskapsresultat var det ikkje mogeleg å gjennomføre denne budsjetterte avsetninga. Den samla summen på kr 2.209.247 er å sjå på som kommunen sitt reelle meirforbruk i 2019. Dette resultatet er ikkje tilfredstillande og det vil i 2020 bli sett i gang eit arbeid for å få budsjettet for 2021 i balanse.

Dette har resultert i at kommunen sitt disposisjonsfond er redusert frå kr 37.803.284 i 2018 til kr 31.428.830 i 2019. Den samla lånegjelda er på kr 130.066.979.

Kommunale investeringar

I 2019 var det oppstart på bygging av nytt reinseanlegg på Bygland. Prosjektet omfattar også ny brannstasjon og lager for sivilforsvaret. Dette er eit stort prosjekt som har vore planlagt i mange år før det endeleg vert realistert.

Det er brukt kr 894.659 til utearealet ved Byglandsfjord skule. Dette er eit tiltak som er etterlengta av både barn og dei tilsette ved skulen. Det er godt at dette prosjektet nå er kome godt i gang.

Kommuneplan – samfunnsdelen

I 2019 vart det arbeid godt med kommuneplanen sin samfunnsdel både av administrasjonen og politikarane. Kommuneplanen sin samfunnsdel har same oppbygging som den nye fylkesplanen Agder 2030. I Bygland kommune sin plan har vi vektlagt dei utfordringane og utviklingspotensiale vi har.

Det har vore lagt stor vekt på involvering og at tilsette og politikarar skal få eit eigarforhold til planen.

Vidare har det vore stor grad av involvering av bygdelag, eldreråd, ungdomsråd og frivillige lag og foreiningar. Det er heilt avgjerande for at planen skal bli det viktigaste overordna styringsdokument i kommunen. Den politiske handsaminga vil skje i 2020.

Ombygging av den gamle gymsalen på Bygland skule til kulturscene

I 2019 er arbeidet med ombygging av den gamle gymsalen til kulturscene slutført. Her har det vore eit særskilt godt samarbeid mellom tilsette i drift og forvaltning, tilsette på skulen og frivillige lag og foreiningar, for å kome fram til ei god løysing som vil dekke mange ulike behov i framtida. Politikarane har løyvd midlar, slik at det er kome på plass eit godt lyd og lysutstyr og ikkje minst tribune for å gjere lokalet godt egna til bruk for skulen, kulturarrangement, kino, filmkveldar, folkemøter og så vidare.



Næringsutvikling

I 2019 starta vi opp næringsprosjektet Setesdal Vekst. Dette er eit treårig prosjekt som er finansiert med kr 1,5 millionar frå Setesdal regionråd og kr 1,5 millionar frå Bygland kommune.

Næringsprosjektet Setesdal Vekst skal ha ei operativ rolle i Bygland kommune, som betyr tilrettelegging av arbeid for nye og eksisterande bedrifter i Bygland kommunen og Setesdalsregionen. Målet er å skape vekst i næringslivet i Bygland kommune og i Setesdalsregionen.

Aasmund Lauvdal
Kommunedirektør







INNHALD

Del 1 – Årsberetning.....	5
1.1 Økonomisk oversikt – drift	6
1.2 Rekneskapsskjema 1A: Finansiering av drifta	9
1.3 Rekneskapsskjema 1B: Driftsrekneskap per eining	12
1.4 Rekneskapsskjema 2A: Finansiering av investeringar	21
1.5 Rekneskapsskjema 2B: Investeringar	22
1.6 Balanserekneskap	24
1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose	27
1.8 Det kommunale næringsfond.....	30
1.9 Organisering, likestilling og personale	32
1.10 Interkommunale samarbeid	35
1.11 Etisk standard og kontroll	36
1.12 Befolkningsutvikling	37
1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal	38
Del 2 – Årsrapportar frå einingane.....	40
2.1 Politisk styring og kontroll	41
2.2 Stab og fellesutgifter	41
2.3 Kultur.....	46
2.4 Bygland oppvekstsenter	50
2.5 Byglandsfjord oppvekstsenter	55
2.6 NAV.....	58
2.7 Helse	60
2.8 Pleie og omsorg.....	63
2.9 Drift og forvaltning	65
2.10 VARF (vassverk, avløp/slam, renovasjon og feiing, sjølvkostområde)	72
2.11 Store prosjekt	73
2.12 Eksterne samarbeid	74
2.13 Andre sentrale inntekter og kostnader	74



DEL 1 – ÅRSBERETNING

Denne delen av årsmeldinga gir ein kort presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal for 2019 og ei analyse av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet. I delkapittel 1.1 vert mellom anna kommunen sitt rekneskapsmessige resultat kommentert. Delkapittel 1.2 til 1.5 tek sikte på å kommentere og grunngje dei mest vesentlege budsjettavvika i drifts- og investeringsrekneskapen, medan 1.6 tek for seg kommunen sine eigendeler, eigenkapital og gjeld. For innhald elles i denne delen, viser ein til innhaldslista ovanfor.





1.1 Økonomisk oversikt – drift

	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Endring
<i>Driftsinntekter</i>			
Brukerbetalinger	5 343 230	4 925 000	418 230
Andre salgs- og leieinntekter	13 215 052	14 663 119	-1 448 068
Overføringer med krav til motytelse	16 475 548	16 417 202	58 346
Rammetilskudd	63 085 346	61 607 642	1 477 704
Andre statlige overføringer	4 672 148	6 990 852	-2 318 704
Andre overføringer	5 973 000	6 063 798	-90 798
Inntekts- og formuesskatt	26 841 293	27 380 670	-539 377
Eiendomsskatt	7 836 079	7 956 630	-120 551
Andre direkte og indirekte skatter	7 646 367	6 163 948	1 482 419
Sum driftsinntekter	151 088 062	152 168 861	-1 080 799
<i>Driftsutgifter</i>			
Lønnsutgifter	85 226 295	83 432 956	1 793 339
Sosiale utgifter	20 310 141	19 161 311	1 148 830
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunens tjenesteproduksjon	23 832 707	22 995 377	837 330
Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	20 477 160	18 917 971	1 559 189
Overføringer	11 524 028	10 634 087	889 941
Avskrivinger	7 801 704	7 522 310	279 394
Fordelte utgifter	-550 753	-600 408	49 655
Sum driftsutgifter	168 621 283	162 063 604	6 557 679
Brutto driftsresultat	-17 533 221	-9 894 743	-7 638 478
<i>Finansinntekter</i>			
Renteinntekter og utbytte	8 269 266	8 334 576	-65 310
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	8 269 266	8 334 576	-65 310



(økonomisk oversikt – drift, forts.)

Finansutgifter

Renteutgifter og låneomkostninger	2 507 583	2 079 711	427 873
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	4 743 485	4 601 654	141 831
Utlån	73 318	0	73 318
Sum eksterne finansutgifter	7 324 386	6 681 365	643 021
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	944 880	1 653 211	-708 331
Motpost avskrivninger	7 801 704	7 522 310	279 394
Netto driftsresultat	-8 786 637	-719 222	-8 067 415

Interne finanstransaksjoner

Bruk av avsetninger

Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	1 075 799	663	1 075 136
Bruk av disposisjonsfond	6 374 453	3 132 141	3 242 312
Bruk av bundne fond	4 972 915	4 798 447	174 468
Sum bruk av avsetninger	12 423 167	7 931 251	4 491 916

Avsetninger

Overført til investeringsregnskapet	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	0	2 457 263	-2 457 263
Avsatt til bundne driftsfond	4 819 978	3 678 967	1 141 011
Sum avsetninger	4 819 978	6 136 230	-1 316 252
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	1 183 448	-1 075 799	2 259 247



Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk før fondsdisponeringar. I 2019 har kommunen hatt store kostnader knytte til prosjekt som vert saldert av fond (både ubundne og bundne), som f.eks. vegopprustingsprosjektet, som var den største fondssalderte kostnaden i 2019, honorar til bygdebokforfattar og krypsivprosjektet. Desse kostnadane inngår altså i netto driftsresultat, men det gjer ikkje bruk av fond eller fondsavsetning. Difor er kommunen sitt netto driftsresultat betydeleg meir negativt enn meirforbruket.

Netto driftsresultat er kr -8.786.637, tilsvarande -5,8 % av brutto driftsinntekter. Statleg tilråding er at dette talet burde vere kr 2.644.041, tilsvarande 1,75 %, som vil seie at kommunen ligger langt under anbefalt nivå i 2019. Dette er dramatiske tal og ein har difor sett i gong ein innsparingsprosess vinteren 2020, med sikte på å redusere utgiftene betrakteleg i forkant av budsjettprosessen for 2021.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapen syner eit rekneskapsmessig meirforbruk («underskot») på kr 1.183.448. Dette vert å rekne som det rekneskapsmessige resultatet til kommunen. Viss driftsrekneskapen viser eit meirforbruk etter at disposisjonane i § 4-1 i *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.* er gjennomført, skal meirforbruket reduserast så mykje som mogleg, jf. § 4-2, som mellom anna vil seie at ein stryk alle avsetningar til disposisjonsfond. For 2019 vil det seie at det unyttta mindreforbruket for 2019, som opphavleg vart budsjettert sett av til disposisjonsfond, ikkje vert sett av til disposisjonsfond likevel. Dette utgjer kr 1.025.799, som i praksis og må kunne seiast å vere ein del av kommunen sitt meirforbruk i 2019. Til saman utgjer desse to beløpa kr 2.209.247.

Utover dette viser ein til dei kommentarane som er gjort under rekneskapskjema 1A, 1B (drift), 2A og 2B (investering).





1.2 Rekneskapskjema 1A: Finansiering av drifta

	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018
1		26 841 293	27 011 000	27 011 000	27 380 670
2		63 085 346	63 606 000	62 794 000	61 607 642
3		7 836 079	7 845 000	7 845 000	7 956 630
4					
		7 646 367	6 300 000	6 300 000	6 163 948
5		273 348	250 000	300 000	271 752
<hr/>					
6					
Sum frie disponible inntekter					
Sum (L1:L5)		105 682 433	105 012 000	104 250 000	103 380 642
<hr/>					
7		8 269 266	8 142 000	7 772 000	8 334 576
8					
		0	0	0	0
9					
		2 503 211	2 630 000	2 750 000	2 077 879
10					
		0	0	0	0
11	6	4 743 485	4 770 000	4 900 000	4 601 654
<hr/>					
12					
Netto finansinntekter/-utgifter					
Sum (L7:L11)		1 022 570	742 000	122 000	1 655 043
<hr/>					
13					
Til dekning av tidligere års					
regnskapsmessige merforbruk	9	0	0	0	0
14					
Til ubundne avsetninger	9	0	1 025 799	0	1 149 263
15					
Til bundne avsetninger	9	3 616 158	3 300 000	3 300 000	2 904 632
16					
Bruk av tidligere års					
regnskapsmessige mindreforbruk	9	1 075 799	1 075 799	0	663
17					
Bruk av ubundne avsetninger	9	3 510 000	3 510 000	2 942 000	0
18					
Bruk av bundne avsetninger	9	4 062 344	4 257 000	3 580 000	3 671 849
<hr/>					
19					
Netto avsetninger Sum (L13:L18)		-5 031 985	-4 517 000	-3 222 000	381 383
<hr/>					
20					
Overført til					
investeringsregnskapet	9	0	0	0	0
<hr/>					
21					
Til fordeling drift					
L6 + L12 - L19 - L20		111 736 988	110 271 000	107 594 000	104 654 302
<hr/>					
Sum fordelt til drift (fra skjema					
22 1B)		112 920 436	110 271 000	107 594 000	103 578 503
<hr/>					
23					
Regnskapsmessig merforbruk/ mindreforbruk (L22 - L21)	9, 17	1 183 448	0	0	-1 075 799



Frie disponible inntekter

For å vise dette er dei ulike inntektene ført opp med budsjett og rekneskapstal for 2019.

	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018
1	Skatt på inntekt og formue	26 841 293	27 011 000	27 011 000	27 380 670
2	Ordinært rammetilskudd	63 085 346	63 606 000	62 794 000	61 607 642
3	Skatt på eiendom	7 836 079	7 845 000	7 845 000	7 956 630
4	Andre direkte eller indirekte Skatter	7 646 367	6 300 000	6 300 000	6 163 948
5	Andre generelle statstilskudd	273 348	250 000	300 000	271 752
6	Sum frie disponible inntekter				
	Sum (L1:L5)	105 682 433	105 012 000	104 250 000	103 380 642

Summen av frie inntekter var budsjettert med kr 105.012.000. Rekneskapen viser at dei samla inntektene vart kr 105.682.433, altså 0,64 % meir enn budsjettert og 2,23 % meir enn i 2018.

Rammetilskotet vart noko lågare enn budsjettert, men dette vart kompensert av at skatteinntektene vart noko høgare enn budsjettert, då spesielt naturressursskatten som ligg under «andre direkte eller indirekte skattar». Naturressursskatten og ordinær skatt på inntekt og formue inngår i inntektsutjamninga, og årsaka til at denne inntekta vart marginalt betre enn budsjettert skuldast mellom anna at den nasjonale skatteinngangen vart betre enn budsjettert mot slutten av året.

Under «andre direkte eller indirekte skattar» inngår og konsesjonsavgiftene, som i sin heilskap vert sett av til næringsfondet. Desse vart om lag kr 300.000 høgare enn budsjettert, og bidreg til at desse inntektene vart 21,37 % betre enn budsjettert. Ein må likevel kunne fastslå at frie disponible inntekter, samla sett, i stor grad er i tråd med dei budsjetterte tala.

Finansinntekter/ -utgifter

	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018
7	Renteinntekter og utbytte	8 269 266	8 142 000	7 772 000	8 334 576
8	Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
9	Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 503 211	2 630 000	2 750 000	2 077 879
10	Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
11	Avdrag på lån	6 4 743 485	4 770 000	4 900 000	4 601 654
12	Netto finansinntekter/- utgifter				
	Sum (L7:L11)	1 022 570	742 000	122 000	1 655 043



Netto finansinntekter har blitt redusert med i overkant av kr 630.000 samanlikna med 2018. Det er først og fremst auke i rentekostnadene på om lag kr 425.000 som er årsak til dette, men ein ser og at auke i avdraga på over kr 140.000, samt reduksjon i utbytte frå Agder Energi på rundt kr 150.000 bidreg negativt. Ein sterk vekst i utbyttet frå Setesdal Bilruter (kr 250.050) bidreg i nokon grad til å redusere inntektsreduksjonen frå 2018 til 2019. Budsjettavviket skuldast primært «forsiktig» budsjettering.

Netto avsetningar

	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018
13 Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	9	0	0	0	0
14 Til ubundne avsetninger	9	0	1 025 799	0	1 149 263
15 Til bundne avsetninger	9	3 616 158	3 300 000	3 300 000	2 904 632
16 Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	9	1 075 799	1 075 799	0	663
17 Bruk av ubundne avsetninger	9	3 510 000	3 510 000	2 942 000	0
18 Bruk av bundne avsetninger	9	4 062 344	4 257 000	3 580 000	3 671 849
19 Netto avsetninger Sum (L13:L18)		-5 031 985	-4 517 000	-3 222 000	381 383

Det er brukt kr 4.062.344 av bundne midlar, og det er sett av kr 3.616.158 til bundne midlar og kr 0 til ubundne avsetningar. Budsjettavviket for ubundne avsetningar skuldast, som nemnt tidligare, at opphavleg avsetning til fond av mindreforbruket for 2018 måtte reverserast fordi kommunen fekk eit meirforbruk i 2019. Bruk av, og avsetning til bundne midlar gjeld næringsfondet, som vert kommentert i eit eige delkapittel.





1.3 Rekneskapskjema 1B: Driftsrekneskap per eining

	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018
Rammeområde 10: Politisk styring og kontroll				
Netto driftsramme	1 877 491	1 800 000	1 830 000	1 568 956
Rammeområde 20: Stab og fellesutgifter				
Netto driftsramme	14 248 661	14 475 000	14 165 000	13 185 041
Rammeområde 201: Kultur				
Netto driftsramme	1 510 020	1 649 000	1 583 000	1 344 321
Rammeområde 300: Bygland oppvekstsenter				
Netto driftsramme	18 409 452	17 943 000	17 535 000	16 853 792
Rammeområde 302: Byglandsfjord oppvekstsenter				
Netto driftsramme	11 687 805	11 826 000	11 605 000	10 916 706
Rammeområde 31: Helse				
Netto driftsramme	8 971 902	9 572 000	9 392 000	7 766 958
Rammeområde 32: NAV				
Netto driftsramme	1 119 504	1 280 000	1 198 000	485 113
Rammeområde 33: Pleie og omsorg				
Netto driftsramme	33 978 407	33 005 000	32 416 000	34 197 885
Rammeområde 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF				
Netto driftsramme	14 243 968	13 648 000	12 674 000	13 575 155
Rammeområde 40: Drift og forvaltning - VARF				
Netto driftsramme	1 101 735	1 063 000	1 063 000	439 326
Rammeområde 41: Store prosjekt				
Netto driftsramme	1 082 452	845 000	1 550 000	1 370 450
Rammeområde 80: Eksterne samarbeid				
Netto driftsramme	14 405 157	12 471 000	12 471 000	12 703 920
Rammeområde 90: Andre sentrale inntekter og kostnader				
Netto driftsramme	-9 716 119	-9 306 000	-9 888 000	-10 829 120
SUM FORDELTE	112 920 436	110 271 000	107 594 000	103 578 503

Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemningsystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining.



Einingane har samla sett eit overforbruk på 2,40 %, som viser at ein ikkje har treft spesielt godt i høve budsjett for 2019. Nokre einingar har overforbruk medan andre har mindreforbruk. Kommenterar til dei enkelte einingane følgjer i dei neste avsnitta.

Politisk styring og kontroll

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Netto driftsramme	1 877 491	1 800 000	1 568 956	19,66 %

Kommentar:

Eininga har eit forbruk i 2019 på 104,31 % i forhold til budsjettert ramme. Årsaka til meirforbruket er først og fremst at ein budsjetterte litt for lite til ekstraavgifter som kom til i samband med kommunestyrevalet. Sett bort i frå dette så er eininga nokolunde i samsvar med budsjettert ramme.

Stab og fellesutgifter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Rådmannskontoret	6 813 310	6 874 000	6 507 588	4,70 %
Beredskap stab	121 893	177 000	196 151	-37,86 %
Fellesutgifter/sectorovergripande	1 463 795	1 670 000	1 505 818	-2,79 %
Plan & Utvikling	2 121 350	1 826 000	1 006 793	110,70 %
IKT	724 974	545 000	847 813	-14,49 %
Pedagogiske tenester	336 078	721 000	512 878	-34,47 %
Kyrkjesektoren	1 293 459	1 250 000	1 353 661	-4,45 %
Utbetringstilskot	525	0	0	
Frivilligsentral	864 982	928 000	768 098	12,61 %
HTV / HVO	508 296	484 000	486 242	4,54 %
Netto driftsramme	14 248 661	14 475 000	13 185 041	8,07 %

Kommentar:

Kostnadane har auka frå 2018 til 2019. Dette skuldast i hovudsak stabseininga plan og utvikling, som utgjer 2,6 årsverk, kor 2,4 av desse årsverka vart overført til staben frå og med 1. mai 2018, som vil seie at denne eininga ikkje hadde heilårs rekneskapseffekt i 2018. Dette gjer at ein ikkje kan samanlikne tala for 2018 og 2019 direkte. Som i 2018 har ein og i 2019 ein del ekstraordinære kostnadar knytte til fornying av diverse IKT-utstyr, primært telefonar og printarar. Dette utgjorde om lag kr 250.000. Det har berre vore tilsett pedagogisk rådgjevar 1 måned i 2019, så kostnaden som er bokført under pedagogiske tenester gjeld i all hovudsak kjøp av plass i private barnehagar i andre kommunar.



Kultur

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Ungdomsklubb	187 695	212 000	195 655	-4,07 %
Kultur	687 106	761 000	550 060	24,91 %
Ungdomsrådet	22 720	50 000	0	
Bygdeboka	0	0	0	
Bibliotek	612 499	626 000	598 606	2,32 %
Netto driftsramme	1 510 020	1 649 000	1 344 321	12,33 %

Ansvarsområdet «bygdeboka» vert dekt av fond.

Kommentar:

Eininga har eit mindreforbruk på 8,43 %. Dette skuldast primært god utnytting av personalressursane, og at andre driftskostnader vart litt lågare enn budsjettert. Kostnadsauke frå 2018, utover deflator, skuldast først og fremst auke i utbetalte kulturmidlar, sidan kultur-middelbudsjettet i 2018 ikkje vart utnytta fullt ut.

Bygland oppvekstsenter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Bygland skule	13 784 993	13 780 090	12 932 770	6,59 %
SFO Bygland skule	483 648	408 670	427 463	13,14 %
Nobelle elevbedrift	0	0		
Framandspråklege - vaksne	0	0	0	0,00 %
Minoritetspråklege barn	0	0	8 401	-100,00 %
Norskundervisning - integrering	0	0	28 558	-100,00 %
Bygland barnehage	4 140 787	3 754 240	3 456 599	19,79 %
Netto driftsramme	18 409 428	17 943 000	16 853 792	9,23 %

Ansvarsområda «framandspråklege – vaksne», «minoritetspråklege barn» og «norsk undervisning – integrering» vert heilt eller delvis dekt av fond. Nettoinntekt frå Nobelle elevbedrift vert sett av til fond.

Kommentar:

I 2019 var det eit overforbruk på 2,6 % ved Bygland oppvekstsenter. Overforbruket skuldast i hovudsak desse forholda:

- Ekstrakostnader i høve auka ressursbruk knytt til elevar med spesielle behov, som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging, i tråd med tilrådingar frå PPT.
- Vesentleg høgare straumkostnader enn budsjettert.
- Høgare utgifter knytt til mat enn budsjettert i barnehagen.

Endringa frå 2018 til 2019 viser ei kostnadsauke i eininga. Dette skuldast i hovudsak auka bemanning, både for å oppfylle krava til bemanningsnorma og pedagognorma i barnehagen, samt styrke personalet på skule og SFO for å ivareta elevar med særskilte behov.



Byglandsfjord oppvekstsenter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Byglandsfjord skule	7 110 273	7 114 000	6 861 157	3,63 %
SFO Byglandsfjord skule	491 914	466 000	399 468	23,14 %
Årdalshallen	129 586	98 000	117 343	10,43 %
Byglandsfjord barnehage	3 956 032	4 148 000	3 538 738	11,79 %
Netto driftsramme	11 687 805	11 826 000	10 916 706	7,06 %

Kommentar:

Byglandsfjord oppvekstsenter har eit mindreforbruk på 1,17%. Det skuldast at det har vore endringar i dei særskilde behova i elevmassen i løpet av budsjettåret, og at bemanninga har blitt justert i samsvar med det. Samstundes har bemannings- og pedagognorma (frå 01.08.2018) i barnehagen, ført til at lønnskostnadene har auka i den delen av oppvekstsenteret.

Endringa frå 2018 til 2019 viser ei kostnadsauke i eininga. Denne auka skuldast at personalet i skule og SFO er styrka for å ivareta elevar med særskilde behov, i tillegg til at bemannings- og pedagognorma gir ei vesentleg endring. Det har også vore ei reduksjon i inntektene, grunna lågare brukarbetalingar og nedgang i overføringar frå andre kommunar.

NAV

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
NAV	2 174 199	1 626 000	1 233 101	76,32 %
NAV - flyktningerekneskap	-1 054 695	-346 000	-747 989	-41,00 %
Netto driftsramme	1 119 504	1 280 000	485 113	130,77 %

Kommentar:

Sosialutgiftene har auka betydeleg frå 2018 til 2019. Dette skuldast fleire ting, som ein har kommentert i neste avsnitt. Integreringstilskota (inntekt) er ført rett inn i driftsrekneskapen, i staden for at desse vart sett av til flyktningefondet. Dette bidreg til at eininga likevel har ein nettokostnad under budsjett.

Økonomisk sosialhjelp: Ein har ikkje fått fleire stønadsmottakarar, men det er fleire stønadsmottakarar som har hatt økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt over lengre tid. Tidlegare har det vore fleire med berre supplerande stønad. I nokon tilfelle har det vore behov for stønad då regelverket for arbeidsavklaringspengar blei stramma inn.

Kvalifiseringsprogrammet: Dette er eit lovfesta tiltak som kommunen er plikta til å gi til dei som fyller krava. Kvalifiseringsstønad du får når du deltek i programmet er 2 gongar grunn-



beløpet (grunnebeløpet er på kr. 99 858). I løpet av 2019 hadde NAV Bygland to personar som var i eit kvalifiseringsprogram. Det var i budsjett for 2019 budsjettert med ein person.

Helse

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Legeteneste	4 125 056	4 228 000	3 785 147	8,98 %
Fysioterapeut	408 171	470 000	382 257	6,78 %
Helsesjukepleier	838 454	890 000	828 795	1,17 %
Jordmor	184 785	230 000	170 957	8,09 %
Psykatri	1 055 534	1 079 000	994 973	6,09 %
Psykiatricustadar Byglandsfjord	1 757 731	1 792 000	954 320	84,19 %
Støttekontakt	598 462	883 000	650 509	-8,00 %
Kriseteam	3 710	0	0	
Netto driftsramme	8 971 902	9 572 000	7 766 958	15,51 %

Kommentar:

Eininga har og i 2019 arbeid med å halde budsjetttramma, og resultatet blei eit mindreforbruk på kr 600 098. Mindreforbruket skyldast i hovudsak lite vikarbruk ved sjukdom og mindre bruk av støttekontaktar enn budsjettert. Refusjon for LIS1-lege for hausten 2018 blei ikkje utbetalt før seint i 2019. Det er i 2019 bokført refusjon for LIS1-lege for både haust 2018, vår 2019 og haust 2019. Dette gjer at denne inntekta er kunstig høg i 2019.

Pleie og omsorg

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Pleie og omsorgsadm.	5 004 191	4 957 300	5 353 368	-6,52 %
Byglandsheimen	11 255 281	10 634 300	10 818 140	4,04 %
Støttefunksjon - Byglandsheimen	2 489 724	2 324 700	2 818 263	-11,66 %
Forsterka skjerma eining	53 055	0	302 769	-82,48 %
Åpen omsorg - heimesjukepleie	7 360 923	7 028 900	7 088 790	3,84 %
Åpen omsorg - heimehjelp	622 204	575 900	571 506	8,87 %
Habilitering	7 193 029	7 483 900	7 245 049	-0,72 %
Netto driftsramme	33 978 407	33 005 000	34 197 885	-0,64 %

Gåvefond og arbeidsstoga er inkludert i ansvarsområdet «pleie og omsorgsadm.» i denne oversikten.

Kommentar:

I 2019 vart det eit overforbruk på 2,9 %. Overforbruket skyldast i hovudsak desse forhold:

- Veldig små marginar på grunn av eit stramt driftsbudsjett.
- Ein del høgare utgifter til straum, kommunale avgifter og datakommunikasjon/linjeleie enn budsjettert.
- Noko høgare utgifter til ferievikarar og pensjonsinnskott enn budsjettert.



Drift og forvaltning

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Kommunale bygg, anlegg og vegar	12 968 708	11 827 600	12 189 769	6,39 %
Landbruk, plan/oppmåling, naturforvaltning	1 275 261	1 820 400	1 385 386	-7,95 %
Netto driftsramme	14 243 968	13 648 000	13 575 155	4,93 %

Kommentar:

Dei største årsakene til overforbruket på kr 595 968 er:

- Underbudsjettering for vintervedlikehald tilsvarande kr 470 542,-
- Overføring av lønnskostnader til investeringsprosjekt blei tilnærma kr 300 000,- mot budsjettet kr 1 000 000,-. Det er ei utfordring å telje arbeidstimar mot prosjekt når det blir jobba med mange prosjekt og ordinære driftsoppgåver på same tid.
- MVA-budsjetteringa er utfordrande. Avviket er kr 547 550 i høve budsjett. Me har vonleg betre kontroll på denne posten i 2020 grunna noko omlegging i budsjetterings-verktøyet.

Til tertialrapporteringane gjennom året er følgjande kostnadmessige avvik rapportert:

- Utbetring etter lovpålagte EL-kontrollar på slutten av 2018. Ca kr 80 000,-
- Forhandling i høve SGS 1001 § 4 om fast bilgodtgjersle, utløyste avtalar tilsvarande kr 63 020.
- Havari på botnsugar til reinhald av symjebassenget. Kr 20 083,-
- Knekt lysstolpe langs Jordalsbøvegen. Kr 36 358,-
- Skjult lekkasje over tid fremja ny kjøkkeninnreiing på Byglandsfjord oppvekstsenter. Kr 50 000,-

Dei totale inntektene har vore kr 3 636 600. Dette er kr 107 900 mindre enn budsjettet. Litt mindre husleigeinntekter og anslått refusjon frå NAV er årsak.

VARF (vatn, avløp/slam, renovasjon, feiing)

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Vassverk	56 229	131 365	67 016	-16,10 %
Avløp	1 045 506	740 135	699 779	49,41 %
Slamtøming	0	191 500	-327 468	-100,00 %
Renovasjon	0	0	0	0,00 %
Feiarvesen	0	0	0	0,00 %
Netto driftsramme	1 101 735	1 063 000	439 326	150,78 %

Kommentar:

Samla har alle fem ansvarsområda eit overforbruk a kr 38 734,-. Til sjølvkostområdet er det fleire kompliserte rekneskapsreglar med avskrivningar som avgjer resultatata. Jf. tabellen over, så er det avløpssektoren som gir eit overforbruk. Fleire faktorar påverkar dette resultatet.



Rente- og finanskostnadane blei kr 216 639 høgare enn budsjettert. Bygging av nytt reinseanlegg på Nesmoen starta opp i 2019, noko som er største bidragsytar til at rentekostnadane vart høgare enn budsjettert. Dette vert balansert av at sjølvkostfinansieringa (inntekt) i eining 90 vart høgare enn budsjettert.

Store prosjekt

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Netto driftsramme	1 082 452	845 000	1 370 450	-21,01 %

Tabellen viser nettokostnad inkl. fondsbruk.

Kommentar:

Eininga inneheld følgjande driftsprosjekt i 2019:

Store prosjekt	Rekneskap 2019
Ras- og flaumsikringsprosjekt	14 063
Prosjekt Presteneset	31 280
Reguleringsplan Ose	267 429
Opprusting av vegar	1 598 291
Setesdal Vekst	610 393
Innkjøp av inventar Byglandsheimen	457 033

Tabellen viser bruttokostnad ekskl. fondsbruk.

Med unntak av reguleringsplan Ose så er desse prosjekta enten i samsvar med, eller under, budsjett for 2019. Budsjettoverskridinga på reguleringsplan Ose skuldast ei framskunding av ei arkeologisk utgraving som ein eigentleg hadde budsjettert med i 2020. På bakgrunn av dette vil budsjett 2020 for reguleringsplan Ose bli redusert tilsvarende.





For lite budsjettert i meirverdiavgiftskompensasjon (kostnad) vert veid opp av at meirverdiavgiftskompensasjonen (inntekt) vart høgare enn budsjettert på eining 90.

Eksterne samarbeid

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Fellesutgifter	778 272	750 000	609 134	27,77 %
Kontrollutvalet	130 000	130 000	126 000	3,17 %
Revisjon	604 000	600 000	583 000	3,60 %
IKT	2 939 313	2 569 000	2 873 653	2,28 %
PPT	744 637	750 000	739 426	0,70 %
Musikk og kulturskule	204 490	490 000	210 571	-2,89 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	401 900	400 000	391 000	2,79 %
Setesdal barnevern	4 420 091	3 100 000	2 488 838	77,60 %
Legevakt	649 963	747 000	475 131	36,80 %
Kommunal øyeblikkelig hjelp	494 000	123 500	480 500	2,81 %
Lokalmedisinske tenester	697 644	753 500	544 015	28,24 %
Setesdal Brannvesen IKS	2 075 802	2 058 000	2 990 848	-30,59 %
Vassdragstyre for øvre Otra	265 044	0	191 805	38,18 %
Netto driftsramme	14 405 157	12 471 000	12 703 920	13,39 %

Kommentar:

Eksterne samarbeid er den største årsaka til budsjettoverskridinga i skjema 1B i 2019, og då spesielt Setesdal barnevern som hadde ei budsjettoverskriding på godt og vel kr 1,3 mill. Barnevernet har hatt eit stort sjukefråvær i 2019 og dei har måtte leigd inn konsulentar for å få utført dei pålagde oppgåvene, noko som har vist seg å bli ei meir kostbar løysing enn budsjettert. Utgifter til fosterheimsgodtgjersle har blitt ein del høgare enn budsjettert, samt at det har vore kostnadar til juridisk bistand som det ikkje var budsjettert for.

Setesdal IKT har ei overskriding på om lag kr 370.000, som primært skuldast behov og oppgraderingar som har dukka opp i løpet av året, som ikkje låg inne i opphavleg budsjett. Det kan og leggjast til at det opphavlege budsjettet var veldig stramt. I budsjett 2020 har ein lagt inn ein buffer i budsjettet for i større grad kunne imøtekomme det som måtte dukke opp i løpet av året.

Overskridinga på vassdragsstyret for øvre Otra skuldast meirverdiavgiftskompensasjon (kostnad), men dette vert balansert av ei tilsvarande høgare meirverdiavgiftskompensasjon (inntekt) på eining 90.

Den store reduksjonen frå 2018 på Setesdal Brannvesen kan forklarast med at det var om lag kr 1 mill. i ekstraordinære kostnadar i samband med alle brannane sommaren 2018, medan i 2019 var det ingen ekstraordinære kostnadar til dette.



Legevakt/KØH er naturleg å sjå på som ei eining i rekneskapssamanheng. Her er det ei overskriding på kr 273 463, som og bidreg til at den totale overskridinga for eining 80 er på nesten 2 mill.

Andre sentrale inntekter og kostnader

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2019:

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring frå 2018 til 2019
Netto driftsramme	-9 716 119	-9 306 000	-10 829 120	-10,28 %

Kommentar:

Meirverdiavgiftskompensasjonen vart om lag kr 600.000 høgare enn budsjettert. Det er primært ekstraordinært store utgifter til vedlikehald av veg som er årsaka til avviket. Bruk av næringsfond vart noko mindre enn budsjettert, medan sjølvkostrekneskapet ga ein litt større inntekt enn budsjettert. Nettoinntekta av pensjonsføringane inkl. premieavvik vart noko lågare enn budsjettert. Elles er denne eininga i tråd med dei budsjetterte tala.

Ein ekstraordinær korreksjon i konsesjonskraftinntektene for Sira-Kvina for 2000-2018 gjorde at kommunen fekk tilført om lag kr 2 mill. i ekstraordinære inntekter for 2018. Dette bidreg følgeleg til at denne inntekta var høgare enn normalt i 2018, og om lag kr 543.000 høgare enn i 2019, noko som er ein vesentleg årsak til at nettoinntekta på rammeområdet har gått ned. Momskompensasjonen har gått ned nesten kr 200.000, medan netto premieavvik auka med om lag 1,1 mill. samanlikna med 2018. Pensjonsføringane som vert gjort i samband med årsavslutninga (kostnad på kr 1,3 mill.) er i 2019 ført på rammeområde 90 i staden for ute på einingane. Dette er den største enkeltårsaka til at nettoinntekta er redusert samanlikna med 2018.





1.4 Rekneskapsskjema 2A: Finansiering av investeringar

	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018	Avvik mot regulert bud. Beløp	Forbr.%
1 Investeringar i anleggsmidler	12	19 535 092	19 570 000	41 435 000	6 857 243	-34 908,10	99,82 %
2 Utlån og forskutteringer		1 151 950	1 200 000	300 000	1 599 866	-48 050,00	96,00 %
3 Kjøp av aksjer og andeler		489 524	490 000	600 000	603 199	-476,00	99,90 %
4 Avdrag på startlån Dekning av tidlige års udekket	6 9	864 801 0	1 022 000 0	800 000 0	3 003 964 0	-157 199,36 0,00	84,62 %
6 Avsetninger	9	1 286 159	1 070 000	0	646 825	216 159,17	120,20 %
7 Årets finansieringsbehov SUM (L1:L6)		23 327 526	23 352 000	43 135 000	12 711 097	-24 474,29	99,90 %
8 <u>Finansiert slik:</u>							
9 Bruk av lånemidler		15 466 151	15 692 000	36 360 000	5 880 260	-225 848,51	98,56 %
10 Inntekter fra salg av anleggsmidler	5	731 500	650 000	300 000	763 944	81 500,00	112,54 %
11 Tilskudd til investeringar	13	3 409 000	3 409 000	4 000 000	3 569 000	0,00	100,00 %
12 Kompensasjon for merverdiavgift Mottatte avdrag på utlån og refusjoner		1 730 314 559 415	1 669 000 500 000	1 075 000 800 000	688 614 1 167 154	61 314,41 59 415,17	103,67 % 111,88 %
14 Andre inntekter	5	909 600	910 000	0	0	-400,00	99,96 %
15 Sum ekstern finansiering SUM (L9:L14)		22 805 981	22 830 000	42 535 000	12 068 972	-24 018,93	99,89 %
16 Overført fra driftsregnskapet Bruk av tidlige års udisponert	9 9	0 0	0 0	0 0	0 0	0,00 0,00	
18 Bruk av avsetninger	9	521 545	522 000	600 000	642 124	-455,36	99,91 %
Sum finansiering SUM 19 (L15:L18)		23 327 526	23 352 000	43 135 000	12 711 097	-24 474,29	99,90 %
Udekket/udisponert L7 - 20 L19	9	0	0	0	0	0,00	

Finansieringsbehov

Line 1, investeringar i anleggsmidler, vert kommentert i avsnitt 1.5 Rekneskapsskjema 2B. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP, medan avsetningar inkluderer summen ein fekk for sal av Byglandsfjord industribygg (kr 1.510.000) og sal av anleggsmidler (kr 50.000), med fråtrekk for bruk av avsetning til finansiering av eigenkapitaltilskotet i KLP. På slutten av året satt ein og av kr 216.000 til avdragsfond for startlån, som det ikkje var budsjettert for. Utover dette er finansieringsbehovet i stor grad i tråd med budsjett.



Finansiering

Sal av gamal gravemaskin ved slutten var året var ikkje teke omsyn til i budsjettet, og er hovudårsaken til budsjettavviket på inntekter frå sal av anleggsmidlar. Ein har elles treft godt med budsjettet når det gjeld finansieringa.

1.5 Rekneskapskjema 2B: Investeringar

Nr.	Prosjektnamn	Rekneskap 2019	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Forbruk
1049	Byglandsfjord legekantor - Innredning 2017	78 168	80 000	0	97,71 %
557	Overvakingssystem kloakkpumpeastasjonane	0	0	240 000	
559	Reinseanlegg Bygland	13 332 177	13 000 000	30 000 000	102,56 %
560	Reinseanlegg Austadneset	0	0	2 800 000	
563	Rehab. av kloakkreinse- og pumpeastasjonar	477 419	600 000	1 000 000	79,57 %
565	Forprosjekt saneringsplan og VA-prosjekt – Prestelidi	0	0	160 000	
566	Etablere/utvide søppelplass - Nesmoen	367 856	400 000	250 000	91,96 %
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	126 199	140 000	800 000	90,14 %
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	894 659	1 000 000	1 000 000	89,47 %
603	Prosjektering Lys og turløype Byglandsfjord	23 557	50 000	200 000	47,11 %
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen	0	0	225 000	
605	Uteareal Bygland barnehage	296 992	300 000	0	99,00 %
804	Kartverk - Geovekstprosjektet	106 575	150 000	250 000	71,05 %
806	Bustadområde Austad	0	0	430 000	
817	Kjøp tomtegrunn	46 000	100 000	500 000	46,00 %
828	IFK plan (idrett og friluftsliv)	0	0	150 000	
841	Prosjekteringskostnad - vatn til og avlaup frå Neset og Grendi	0	0	430 000	
848	Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen	535 793	550 000	550 000	97,42 %
865	Renovering Heis Byglandsheimen	0	0	300 000	
869	Ombygging av gammal gymsal til aula Bygland	2 078 124	2 100 000	500 000	98,96 %
876	Inventar kommunehuset Bygland	242 888	250 000	150 000	97,16 %
877	Heradshuset	0	0	1 000 000	
878	Stasjonsområdet Byglandsfjord	0	0	100 000	
879	Innkjøp av minigraver - 2019	486 732	400 000	400 000	121,68 %
880	Innkjøp av varebil - 2019	441 953	450 000	0	98,21 %
Alle	Sum investeringar 2019	19 535 092	19 570 000	41 435 000	99,82 %

Kommentarar til prosjekta

- ❑ Byglandsfjord legekantor – inventar: Ferdigstilling av prosjekt som vart begynt på i slutten av 2017. Kostnadane i 2019 gjeld i hovudsak solskjerming.
- ❑ Overvakingssystem kloakkpumpeastasjonane: Prosjektet utgår. Løysast gjennom prosjekt rehabilitering av kloakkreinseastasjonar.
- ❑ Reinseanlegg Bygland: Prosjektet held fram i 2020 og er tidsmessig toleg i rute.
- ❑ Reinseanlegg Austadneset: Prosjektet er utsett i påvente av ny reguleringsplan for Ose bygdesenter.



- ❑ Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjonar: Stasjonen i rundkøyninga på Byglandsfjord er ferdigstilt. Arbeidet held fram i 2020 med ny stasjon for Vassendfeltet.
- ❑ Forprosjekt saneringsplan og VA-prosjekt – Prestelidi: Prosjektet er sett på vent til etter at nytt reinseanlegg er ferdig. Også med tanke på kapasitet.
- ❑ Etablere/utvide søppelplass – Nesmoen: Ferdigstilt. Utvida tilbod for levering av biologisk avfall (hageavfall m.v.)
- ❑ Uteareal Bygland skule: Ferdigstilt.
- ❑ Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter: Heile prosjektet blir delvis finansiert av tippemiddel (ballbinge). Planen er å ferdigstille heile prosjektet i juni 2020.
- ❑ Prosjektering Lys og turløype Byglandsfjord: Det er gjennomført folkemøte på Byglandsfjord der deltakarane kom med forslag til trasè for turvegen. Ut i frå dei forslaga ønskjer kommunen å arbeide vidare med heilårs turveg langs fjorden frå opplagshuset til Bjoren, og til der den gamle jernbanetraseen møter rv. 9. Ein har hatt dialog med ein del av grunneigarane og arbeider nå vidare med involvering av dei resterande. Det er tenkt opprusting av stien slik at han kan nyttast av alle. I tillegg er det tenkt etablering av lyspunkt, aktivitetsapparat, benkar og infotavler.
- ❑ Nytt doseringsutstyr til symjehallen: Tiltaket utgår. Rimelegare løysing funne og blir dekket over driftsbudsjettet i 2020.
- ❑ Uteareal Bygland barnehage: Planen er at arbeidet blir ferdigstilt juni 2020 med ei total kostnadsramme a kr 800 000,-
- ❑ Kartverk – Geovekstprosjektet: Oppdatering av nasjonalt kartverk i samarbeid med Statens kartverk.
- ❑ Bustadområde Austad: Prosjektet er utsett til 2021.
- ❑ Kjøp tomtegrunn: Ferdigkjøp av tomtegrunn til høgdebasseng på Austad.
- ❑ IFK plan (idrett og friluftsliv): Det vart ikkje kapasitet til å gjennomføre dette prosjektet i 2019, så det vert difor utsett til 2020.
- ❑ Prosjekteringskostnad – vatn til og avlaup frå Neset og Grendi: Utsett til 2020.
- ❑ Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen: Ferdigstilt.
- ❑ Renovering Heis Byglandsheimen: Tiltaket kunne gå ut pga. anna og rimelegare løysing.
- ❑ Ombygging av gamal gymsal til aula v/ Bygland skule: Ferdigstilt.
- ❑ Inventar kommunehuset Bygland: Prosjektet famnar om innkjøp av inventar til kommunestyresalen og kantina.
- ❑ Heradshuset: Utsett til 2020 pga. kapasitet. Det er elles etablert ei idégruppe som ser på kva behov ungdomsklubben har og korleis ein best kan nytte Heradshuset til glede for innbyggjarane.
- ❑ Stasjonsområdet Byglandsfjord: Utsett til 2020 pga. kapasitet. Det er elles teke initiativ til ei veneforeining for Byglandsfjord stasjon i privat regi. Saman med dei og andre interesserte ønskjer kommunen å ruste opp og utvikle stasjonsområdet med fokus på informasjon, opplevingar og aktivitet. Stasjonsområdet er i nærområdet til den planlagde turvegen, så desse to prosjekta vil det vere naturleg å sjå i samanheng.
- ❑ Innkjøp av minigraver – 2019: Ferdigstilt. Budsjettoverskridinga vert dekt inn av auka salsinntekter (sjå rekneskapsskjema 2A) knytte til sal av den gamle minigravaren.
- ❑ Innkjøp av varebil – 2019: Ferdigstilt.



1.6 Balanserekneskap Anleggsmidler

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
A. Anleggsmidler			
Faste eiendommer og anlegg	4	193 979 310	183 630 985
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	7 089 746	5 704 653
Utlån		8 650 531	7 984 678
Aksjer og andeler	5	14 657 029	16 369 756
Pensjonsmidler	3	223 648 159	213 898 504
Sum anleggsmidler		448 024 775	427 588 576

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2018 til 2019. Samla auka anleggsmidla med kr 20,4 millionar. Auken i anleggsmidla skuldast dels auke i pensjonsmidla, og dels auke i faste eigedomar og anlegg. Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei snaue 224 millionane kommunen har i pensjonsmidlar. Avskrivningar av anleggsmidler utgjorde kr 7,8 millionar i 2019, medan årets tilgang (aktiverte nyinvesteringar for 2019) utgjorde kr 19,5 millionar. Balanseført verdi av faste eigedomar og anlegg vart derfor auka.

Omløpsmidlar

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
B. Omløpsmidler			
Kortsiktige fordringar		11 121 766	13 075 380
Premieavvik	3	14 665 467	12 751 214
Aksjer og andeler		0	0
Sertifikater		0	0
Obligasjonar		0	0
Derivater		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		59 599 674	68 137 333
Sum omløpsmidler		85 386 907	93 963 927

Kommentar:

Endringa frå 2018 til 2019 skuldast i hovudsak ein reduksjon i likvide middel på om lag 9 millionar. Dette er ein direkte konsekvens av at kommunen har hatt ein ekspansiv bruk av både bundne og ubundne fond i 2019. Akkumulert premieavvik har og gått litt opp, medan kortsiktige fordringar har gått ned, men totalt sett har omløpsmidlane blitt reduserte. Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa vert å sjå på som ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar. Kommunen har difor satt av kr 5 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane.



Den ekspansive bruken av fond gjer sitt til at likviditeten har blitt vesentleg dårlegare i 2019. KOSTRA-tala viser rett nok at kommunen framleis har litt betre likviditet samanlikna med gjennomsnittet av andre kommunar som er i same KOSTRA-gruppe, men ein ser likevel at denne utviklinga i likviditeten ikkje kan fortsette.

Eigenkapital

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
C. Eigenkapital			
Disposisjonsfond	9	31 428 830	37 803 284
Bundne driftsfond	9	25 640 688	25 793 624
Ubundne investeringsfond	9	1 678 395	608 395
Bundne investeringsfond	9	341 439	646 825
Regnskapsmessig mindreforbruk (drift)	9, 10	0	1 075 799
Regnskapsmessig merforbruk (drift)	9, 10	-1 183 448	0
Udisponert investeringsregnskapet	9, 10	0	0
Udekket investeringsregnskapet	9, 10	0	0
Kapitalkonto	11	66 053 448	67 197 391
Endring av regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	10	-1 951 787	-1 951 787
Endring av regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	10	0	0
Sum egenkapital		122 007 564	131 173 530

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga frå 2018 til 2019. Disposisjonsfondet vart betydeleg redusert som følge av at 2019 var eit dårlig økonomisk år for kommunen. Om lag kr 2,9 mill. av reduksjonen skuldast rett nok ein planlagd bruk av disposisjonsfond (vegprosjektet, bygdebok og ansvarsområda for framandspråklege på Bygland oppvekstsenter), men størstedelen skuldast at kommunen ikkje klarte å få rekneskapen i balanse i løpet av året. Ein kan og leggje til at meirforbruket i 2019 på kr 1.183.448 må dekkjast av disposisjonsfond i 2020, som vil bidra til å svekke eigenkapitalen ytterlegare. Dette er ei utvikling som ikkje kan fortsette, så kommunen er nøyd til å gjøre innsparingsgrep i 2020. Samla er ubundne disposisjonsfond pr. 31.12.19 på kr 31,43 millionar, og består av følgjande fond:

Fond	Saldo
Disposisjonsfond	7 697 768
Bygdebokfond	2 544 304
DFV Fond	1 000 000
Flyktingefond	12 574 194
Rentefond	1 000 000
Bygland oppvekstsenter	948 518
Premiefond Pensjon	5 000 000
Opprusting av vegar 2018-2021	664 046
Sum disposisjonsfond	31 428 830

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 13,8 millionar, så premiefondet er i så måte for lite til å dekkje



kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette er mest gunstig slik det er no. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år.

Ekspansiv bruk av næringsfondet er primærårsaka til at *bundne* fond er redusert med om lag kr 150.000 sidan 2018. Spesifikasjon av bundne fond finn ein i note 9, bokstav j) i rekneskapen.

Langsiktig gjeld

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
<i>Langsiktig gjeld</i>			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelse	3	255 221 473	243 499 197
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	6	130 066 979	120 075 265
Sum langsiktig gjeld		385 288 452	363 574 461

Kommentar:

Oversikta syner at langsiktig gjeld utover auka pensjonsforplikting, har gått opp med cirka kr 10 millionar. Kommunen betalte kr 4,7 millionar i ordinære avdrag i 2019, medan det vart teke opp eit nytt lån på kr 12,1 mill. og startlån på til saman kr 3,5 mill. Av andre lån er ca. kr 10,4 millionar knytt til startlån. Pensjonsforpliktinga er auka med ca. kr 11,7 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 31,6 millionar i negativ retning.

Kortsiktig gjeld

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		25 201 279	25 569 120
Derivater		0	0
Premieavvik	3	914 387	1 235 392
Sum kortsiktig gjeld		26 115 666	26 804 512

Kommentar:

Den kortsiktige gjelda er kr 0,7 millionar lågare i forhold til 2018. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjer ca. kr 0,8 millionar av den forpliktinga. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnitt 1.5.2, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 13,8 millionar.



1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

1.7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2019. Merk at dette er ureviderte tal per 15.03.20. Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 5, som inkluderer små kommunar med høge bundne kostnadar per innbyggjar og middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Marnardal (før kommunesamanslåing), Åmli og Iveland, som også høyrer til KOSTRA-gruppe 5.

	Bygland	Åmli	Marnardal	Iveland	Kostragr. 05
Netto driftresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	-5,4	2,6	-5,7	1,3	0,9
Årets mindreforbruk i driftsregnskapet i % av brutto driftsinntekter (%)	-0,7	3	1,6	4,2	1
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	27	24,1	-6,5	33,7	25,8
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	34,9	51,7	1,5	..	37,5
Langsiktig gjeld expensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter (%)	80,7	91	11,1	48,8	91,6
Frie inntekter per innbygger (kr)	81204	77991	71133	71551	75247
Fri egenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	18,8	18,6	-0,6	26	12,1
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	13,6	11,7	21,2	6,7	20,6
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringer (%)	15,7	44,3	33,9	69,2	24,1

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») før fondsdiskonteringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat negativt. Kvifor det er slik, er og forklart nærmare i nemnde delkapittel. Mindreforbruket er også negativt, som vil seie at kommunen ikkje har klart å overhalde budsjettramma, som igjen vil seie at kommunen har eit meirforbruk («underskot») i 2019. Ein ser at både netto driftsresultat og meirforbruket ikkje er representativt når ein samanliknar med dei andre kommunane og kommunegruppa. Berre Marnardal har eit verre netto driftsresultat enn Bygland, medan gjennomsnittet for kommunegruppa ligg langt over Bygland sitt økonomiske resultat. I samanheng med dette ser ein og at det vil bli utfordrande å saldere budsjetta i balanse dei komande åra, trass i at dei kraftrelaterte inntektene ligg an til å auke noko, jf. noverande prognoser.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er litt høgare enn kommunegruppa, trass i ein vesentleg nedgang frå 2018. Mellom anna ekspansiv bruk av kommunen sine fond, både bundne og ubundne, gjer sitt til at likviditeten vart svekka i 2019. Dette er ei utvikling ein blir nøyd til å snu i løpet av kort tid.

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter på 34,9 % indikerer at ei renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil «ete» 0,349 % av driftsinntektene. Dette talet viser altså i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet litt lågare enn snittet for KOSTRA-gruppe 5.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg forholdsvis lågt samanlikna med kommunegruppa, men likevel høgare enn kommunen sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Fylkesmannen si anbefaling. At kommunen ligg lågt samanlikna



med kommunegruppa skuldast hovudsakleg at kommunen ikkje har hatt store investeringar dei tre siste åra, som ein og ser av det låge talet under brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter, som viser at investeringane i 2019 har vore relativt små økonomisk sett. Dette talet er likevel betydeleg høgare enn i 2018, dette pga. at litt over 40 % av reinseanlegget på Bygland (totalt kr 30 mill.) vart finansiert i 2019. På bakgrunn av dette ventar ein difor at lånegjelda vil auke ytterlegare i løpet av 2020.

1.7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2015-2019

	2015	2016	2017	2018	2019
Netto driftresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	4,5	9,4	3,3	-0,3	-5,4
Årets mindreforbruk i driftsregnskapet i % av brutto driftsinntekter (%)	7,2	4,6	0,1	1,6	-0,7
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	40	43,3	43,8	36,7	27
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	-49,3	19,9	3,5	8,6	34,9
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter (%)	84,9	81,4	81,4	80	80,7
Frie inntekter per innbygger (kr)	69594	73336	74834	77667	81204
Fri egenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	16,6	22,5	27,9	26	18,8
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	28,1	12,6	6,2	5,7	13,6
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringer (%)	26,9	16,7	59,4	-19,6	15,7

Mindreforbruket i 2015 var ekstraordinært høgt grunna at det var budsjettert med å bruke om lag 8 millionar av disposisjonsfond, men ved årsslutt viste rekneskapen eit «reelt» mindreforbruk på cirka 2,2 millionar. Bruk av fond på 8 millionar førte dermed til eit samla mindreforbruk på 10,2 millionar. Korrigerer ein for dette, var mindreforbruket i 2015 samanliknbart med mindreforbruket i 2018. 2016 var eit ekstraordinært godt år med mellom anna gode inntekter og låge pensjonsutgifter. Dette året var og det første året som hadde full verknad av kuttprosessen frå 2015.

Likviditeten, representert ved arbeidskapital, har først og fremst gått betydeleg ned det siste året. Nedgangen frå 2018 til 2019 er forklart i avsnitt 1.7.1. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden. Stabilt innbyggjartal er i stor grad årsaka til det. Innbyggjartal per dags dato viser ein stor befolkningsnedgang i løpet av det siste året, så ein forventar difor at veksten i frie inntekter frå 2020 til 2021 vil bli lågare, gitt at innbyggjartalet ikkje aukar betydeleg fram mot 01.07.20 når rammetilskotet for 2021 skal bereknast.

Reduksjonen i langsiktig gjeld frå 2015 til 2018 kan sjåast i direkte samanheng med reduksjonen i brutto investeringsutgifter. Færre og mindre investeringar i 2016-2018 har ført til at ein har redusert den langsiktige gjelda noko. Dette har vore ein bevisst strategi etter investeringa i fleirbrukshallen på Bygland i 2015, som var rekna for å vere ein relativt stor investering sett i samanheng med dei økonomiske storleikane elles i kommunen. I tillegg har ein visst at det låg inne i økonomiplanen at kommunen måtte investere i eit nytt reinseanlegg på Bygland i eit av dei nærmaste åra, estimert til om lag kr 30 millionar. Denne investeringa blei begynt på i 2019 og er hovudårsaka til at måltalet for langsiktig gjeld har gått litt opp i 2019. Dette talet er venta å auke endå meir i løpet av 2020, når reinseanlegget er ferdigstilt og fullfinansiert.

Auka i disposisjonsfond (fri eigenkapital) frå 2015 til 2017 skuldast i stor grad tilførsel til ordinært disposisjonsfond som følgje av positive økonomiske resultat, samt tilførsel til flyktningefondet grunna store inntekter frå integreringstilskot i perioden. Reduksjonen frå 2017



til 2018 skuldast først og fremst planlagd bruk av disposisjonsfondet til vedlikehald av veg, samt honorar til bygdebokforfattaren. Inntektene frå integreringstilskot ser ein har minka i 2019, og allereie i 2020 er det budsjettert med bruk av flyktningefondet i staden for å avsetning av inntekter til fondet, dette pga. innteksreduksjonen knytte til integreringstilskot. For talet «fri eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som vart gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg litt over dette måltalet, men med prognosane ein opererer med for perioden 2020-2023 vil kommunen ligge langt under dette måltallet ved slutten av den perioden, viss ikkje ein klarer å få skuta på rett kjøp.

Variasjonen i kommunen si eigenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. F.eks. i 2017 fekk ein både tilskot frå Husbanken for bygging av flyktningebustad II og spelemidlar for fleirbrukshallen, noko som førte til at eigenfinansieringa var ekstra høg dette året. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi på dette området.

1.7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2019-2023 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2019 til 2023 i dei finansielle måtala som kommune-styret vedtok i saksnummer 105/2019 den 11.12.2019:

- ❑ Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- ❑ Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- ❑ Dei årlege driftsbudsjetta skal leggast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjonsfond.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2020-2023 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2020 til 2023 er sær sære usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2019 til 2023 er som følgjer:

	2019	2020	2021	2022	2023
Bruk av ordinært disposisjonsfond (i 1000 kr) -- måltal = 0	3510	2403	3063	2763	2823
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	80,7	96,6	96,6	96,6	96,6
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	18,8	18,6	14,9	11,4	7,9

Som ein ser så vert tala meir «raude», dess lenger ut i perioden ein kjem. Det er difor lagt opp til at kommunen må redusere driftsutgiftene i løpet av 2020, med sikte på å leggje fram eit budsjett for 2021 som balanserar utan bruk av ordinært disposisjonsfond.

Auka avdrag og renter som følgje av investeringa på 30 millionar i reinseanlegg/brannstasjon på Bygland er det som bidreg mest til at tala har ein negativ utvikling i perioden. Her må det rett nok presiserast at det ikkje er gjort kvalifiserte berekningar for langsiktig gjeld for perioden 2021-2023. Anbefalinga for desse åra vil vere at ein ikkje legg opp til større investeringar, som då vil bidra til at det midtarste talet i tabellen vert redusert frå 2021 til 2023.

Disposisjonsfondet (frie midlar) har ei særdeles negativ utvikling i løpet av perioden. Viss ein lukkast med å redusere driftsutgiftene i 2020/2021, vil dette talet kunne stabilisere seg rundt 15-20 prosent frå 2021 og ut perioden. Prognose på saldoen på disposisjonsfondet for perioden 2019-2023 er som følgjer:



	2019	2020	2021	2022	2023
Disposisjonsfond (i 1000 kr)	31429	26769	21449	16429	11349

Merk at også planlagd bruk av disposisjonsfond (f.eks. bygdebokfondet) inngår her.

1.8 Det kommunale næringsfond

Som det følger av § 6 i kommunen sine nyleg oppdaterte næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrrert del av kommunen si årsmelding.

Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
Samla fondskapital	17.780.000

Disponeringa av næringsfondet i 2019 følger av tabell på neste side.

Det negative talet nesten nedst i tabellen (kr -446 186) viser netto *bruk* av næringsfondet i 2019, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette reduserer den ubundne kapitalen av fondet med kr 446 186 i løpet av 2019. Ein slik bruk av fondet vil ikkje vere berekraftig på lengre sikt, og ein har difor i økonomiplanen budsjettert med at ein frå og med 2021 kan bruke maks like mye av fondet som det ein får inn i inntekter.

Den samla bruken av fondet er nokolunde i samsvar med budsjettert bruk. Budsjett-overskridinga på reguleringsplan Ose gjeld ei arkeologisk utgraving som eigentleg vart planlagd utført i 2020. Det vil innebere at budsjettet for 2020 for reguleringsplanen vert redusert tilsvarande.

Reiseliv gjeld drift av turistinformasjonen i 2019. Ein har fått gode tilbakemeldingar på denne, men ein ser og at det vart meir kostbart enn budsjettert. Kostnadar til fiberprosjekt i 2019 gjeld ferdigstilling av fiberprosjektet i Jordalsbø.



Årets tilgang:

Konsesjonskraftavgift	3 213 770	2 900 000
Renteinntekter	<u>402 388</u>	<u>400 000</u>
Sum avsetning	3 616 158	3 300 000

Årets bruk:


Setesdal Regionråd	1 300 000	1 300 000
Reiseliv	102 045	60 000
Norsk institutt for naturforskning	15 000	-
Prosjekt Prestneset	25 024	30 000
Reguleringsplan Ose	256 898	100 000
Tilskot Bygland Sikringsradiolag	-	5 000
Ras- og flaumssikringsprosjekt	11 250	15 000
Landbruksrådgivning	25 000	25 000
GPS-merkingsprosjekt villrein Setesdal Vesthei	-	25 000
Fiberprosjekt	560 000	560 000
Lønnsandel Næringsssjef	215 000	215 000
Tilskot Bjoren - ordinært årleg tilskot	104 000	104 000
Tilskot Bjoren - 5-årsklassing	68 902	-
Næringstilskot delegert:		200 000
MOVI musikk og atelier - prosjektstøtte	50 000	-
KVS – markedsføringstilskot	100 000	-
Næringstilskot PMR:		
Kommunale jordbrukstilskudd	166 770	300 000
Næringstilskot formannskapet:		
Setesdal Vekst	244 330	500 000
KVS - støtte til ridehall	390 000	390 000
Serviteur - støtte til konverteringsutstyr	105 000	105 000
Bjoren - ekstraordinært tilskot 2018	123 125	123 000
Kallhovd Sveis – etableringsstøtte	200 000	200 000
Sum bruk	4 062 344	4 257 000
Investering	-	-
Netto bruk/avsetning	-446 186	
Saldo pr 31.12	19 284 231	
Bunden kapital	17 780 000	
Ubunden kapital pr 31.12	1 504 231	



1.9 Organisering, likestilling og personale

Organisering og overordna mål

Organisasjonskart:



Dette er organisasjonskartet per 31.12.19. I skrivande stund er Ann-Cecilie Andersen Attestog tilsett som pedagogisk rådgjevar, og NAV-kontoret er blitt ein del av eit interkommunalt samarbeid med Vennesla som vertskommune (NAV Midt-Agder).

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/økonomiplan.

Slagordet for Bygland er
“Med hjarta i Bygland”

Hovudmålsetjinga for Bygland kommune er å
Auke folketalet i Bygland kommune

Slik kjem vi dit:

- ✓ Styrke busetjinga i heile kommunen
- ✓ Skape tru på innovasjon og utvikling
- ✓ Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- ✓ Utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar

Ambisjon:

«I Bygland skal innbyggjarane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan».

Sjukefråvær

Sjukefråveret i 2019 har vore på 7,19% gjennomsnittleg for heile kommunen, det er noko lågare enn for 2018 (7,52 %) men det er framleis relativt høgt.



Forhandlingar

I 2019 var det mellomoppgjer utan lokale forhandlingar heimla i kap. 4 i HTA (sentrale tillegg). Berre lokale forhandlingar i kap. 3 og 5 (får ikkje sentrale tillegg).

Styringsdokument

I 2019 vart etiske retningsliner utarbeidd.

Likestilling

Det har ikkje blitt sett i gong spesielle tiltak knytt til likestilling i 2019. I kommunen si personalhandbok er fylgjande vedteke:

Delmål 1 - likestilling

Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderer/ ivaretek og verdset alle arbeidstakarar på lik line uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv.

Tiltak 1:

Forankre likestillingsarbeidet i administrativ og politisk leiing.

Tiltak 2

Einingane skal beskrive likestillingstilstanden i eininga og rapportere om både planer og resultat når det gjeld likestilling. (Kommunelova § 48 pkt 5).

Tiltak 3

Likestilling må inngå som ein naturleg del av leiaropplæringa.

Tiltak 4

Inngå i kommunen sine overordna planar.

Delmål 2 - likestilling

Gje alle arbeidstakarane lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.

Tiltak 1

Ut frå bla. medarbeidersamtale/bemanningsplan/rekrutteringsplan lage ein opplærings- og utviklingsplan der ein også tenker likestilling.

Kommentar:

I kompetanseplanen vedteken i 2019 er kompetansetiltaka retta mot begge kjønn. Det er nok likevel flest kvinner som tek etter/vidareutdanning ut frå at det er fleire kvinner enn menn som jobbar i kommunen. Det er kompetansehevingstiltak for undervisningspersonell og i denne sektoren er det hovudvekt av kvinner.



Ein mann og ei kvinne tek master i leingi. Altså er begge kjønna representert når det gjeld kompetanseheving men sidan det er flest kvinnelege tilsette hjå oss vil det og vere rimeleg at det er flest kvinner som tek etterutdanning/vidareutdanning. Når det er sagt vil sjølvstyk kommunen sitt behov for ei viss utdanning vere det utslagsjevande.

Delmål 3 – likestilling

Tenkje likestilling ved lønnsfastsetjing.

Tiltak 1

Alle arbeidstakarar uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv vert vurdert etter same kriteriesettet vedtatt i lønnspolitisk plan.

Kommentar:

Alle arbeidstakarane vart i år som i åra før vurdert ut frå sentrale kriterier og lokale kriterier tatt opp i drøftingsmøte mellom partane.

Delmål 4 – likestilling

Ha ei balansert samansetning av kjønna i leiande stillingar.

Tiltak 1

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Kjønnsfordeling i leiargruppa

	% kvinner	% menn
Totalt	50%	50%

Det er no like mange kvinner og menn i kommunedirektøren si leiargruppe. Gruppa er lita og "utskifting" av ein person gjev store utslag noko ein har sett opp gjennom åra.

Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.



- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiserast med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Heiltid/deltid vert ofte sett på i samanheng med likestilling. I møte med dei tillitsvalte 28.10.19 var dette tema. Konklusjonen frå møtet var: "Organisasjonen startar opp med ei kartlegging av heiltid/deltid – kva ynskjer dei tilsette- dette for å finne ut statusen i kommunen før vi event. set i gang tiltak." Denne undersøkjinga pågår no. I personalhandboka har ein opna for event. fylgjande tiltak:

- *Arbeid på tvers av einingar/avdelingar/sektorar.*
- *Vikar pool.*
- *Auka grunnbemanning.*
- *Alternative arbeidstidsordningar.*
- *Organisering av helgearbeidet.*

1.10 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid. Sjå oversikt under, kor ein viser hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapet for nokon av desse. For dei §27-samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 16 i rekneskapet for 2019. Nota er lagt inn under oversikten over interkommunale samarbeid. Her finn ein utfyllanda oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.



Selskap	Type virksomhet	Type enhet	Kontor- /vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes
Konsesjonskraft IKS	Distribusjon og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutvalg	Uselvstendig § 27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
Setesdal IKT	IKT	Selvstendig § 27-samarbeid	Bykle
Setesdalmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal Regionråd	Regionråd	Selvstendig § 27-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Nesodden Industribyg AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Kommuneoverlege	Kommuneoverlege	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tjenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
KØH	Kommunal øyeblikkelig hjelp	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legevakt	Legevakt	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassdragsstyre Øvre Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærtjeneste	Veterinærtjeneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Skatteoppkrever	Skatteoppkrever	Kjøp av teneste	Evje og Hornnes

Kommuneoverlege

Kommuneoverlege er eit interkommunalt samarbeid kor ei 50 prosent stilling som kommuneoverlege er delt 50/50 mellom Bygland og Evje og Hornnes kommune.

Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

Vassdragsstyre øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiskebiolog er sekretær.

1.11 Etisk standard og kontroll

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo (tidlegare Kvalitetslosen) for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker



oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerlig med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlege anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane.

Innanfor Pleie og omsorg og Helse blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangsrutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna.

Ein syner òg til leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll.

På dette området arbeider kommunen kontinuerleg med for å oppnå så høg grad av intern kontroll og etisk standard som mogleg.

1.12 Befolkningsutvikling

1.12.1 Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2011-2020

Grunnkrets	2000	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Byglandsfjord	390	406	402	398	409	396	395	393	404	396	385
Grendi	179	124	126	124	117	119	122	126	115	114	109
Årdal Vestside	14	12	11	14	14	14	15	15	15	16	14
Longerak	51	41	42	40	38	41	45	39	43	43	42
Lauvdal	39	32	31	33	40	38	36	35	32	32	30
Bygland	287	272	273	276	267	252	266	267	274	280	273
Bygland Vestside	1	5	5	5	5	5	5
Jordalsbø/Lide	98	89	86	81	83	85	80	87	88	84	79
Skomedal	24	22	21	23	22	25	25	24	24	22	22
Frøysnes	13	17	16	15	11	10	10	10	9	7	7
Sandnes/Åraksbø	87	82	81	72	72	73	73	75	76	68	70
Austad Austside	80	78	74	67	68	68	62	65	63	64	70
Ose/Moi	32	21	20	23	20	19	24	20	23	24	23
Langeid/Heggland/Tveit	39	36	29	29	31	34	33	28	35	35	30
Ose/Moiheia	.	2	2	2	2	2
Langeid/Heggland/Tveitheiene	.	1	1	1	1	1	1	9	.	.	.
Austad Austhei	1	.	.	5	5	5	5
Uoppgitt grunnkrets	16	4	4	4	.	2	7	2	1	2	3
Totalt:	1351	1239	1219	1207	1200	1189	1204	1200	1207	1192	1162



Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. For perioden fram til 2015 er trenden jamn nedgang i folketalet. Dei siste åra er ein usikker på kor mange av bebuarane som budde på asylmottaket som var registrert i folkeregisteret. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre sikt. Frå 2019 til 2020 er det ein dramatisk nedgang. Viss ikkje innbyggjartalet aukar noko fram mot 01.07.20 (datoen når rammetilskotet for 2021 bereknast), vil dette få stor negativ innverknad på veksten i skatt- og rammetilskota.

1.12.2 Befolkningsprofil

Befolkningsprofil Bygland 2015-2019:

	2015	2016	2017	2018	2019
Innbyggere (antall)	1204	1200	1207	1192	1162
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	8,3	8,3	9,9	5,9	6
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	16,6	9,2	9,9	13,4	5,2
Netto innflytting (antall)	25	-3	7	-6	-33
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	10,1	10,3	10,5	10,2	10,3
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	61,7	60,9	53,2	55,7	53,7
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alder	1,2	1,4	1	1,2	1,5
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	9,1	8,3	9,7	9,3	7,8
Samlet fruktbarhetstall (antall)	1,8	1,79	1,63	1,61	1,61

Tal per 31.12.19.

Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar:

	Bygland	Åseral	Åmli	Valle	Iveland	Bykle	Marnardal
Innbyggere (antall)	1162	932	1836	1164	1331	965	2246
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	6	12,9	12,5	8,6	17,3	8,3	8,9
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	5,2	8,6	12,5	6	12	7,3	6,7
Netto innflytting (antall)	-33	-11	-12	3	-2	11	-51
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	10,3	8,2	11,1	11,1	12,9	9,8	12,5
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	53,7	71,2	66,3	72,7	63,6	74,1	56,9
Reg. arbeidsledige i % av befolkningen i alderen 15-74 år	1,5	1	1,5	..	1,4	1,5	..
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	7,8	11,2	16,4	10,7	14,1	20,2	9,2
Samlet fruktbarhetstall (antall)	1,61	1,61	1,61	1,61	1,61	1,61	1,61

Tal per 31.12.19.

1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjør desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala *kan* innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

1.13.1 Nøkkeltal oppvekstsektoren

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtre del) og barnevern (nedste del).



	Bygland	Åmli	Marnar- dal	Iveland	Kostra- gr. 05
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (%)	88	89,5	95	86,4	89,5
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (%)	59,3	45,4	44,8	40,8	41,9
Netto driftsutgifter barnehager i % av kommunens totale netto driftsutgifter	7,9	12,2	11,6	17,1	9,7
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	195660	169079	197467	207748	177698
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	42,9	42,7	133	68,6	61,4
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	85,6	155,5	210,6	89	174,2
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (%)	5,9	6,9	1	2,7	4,4
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (%)	8,1	10,9	6,7	15,8	9,2
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samlede netto driftsutgifter (%)	21	18,4	25,1	21,9	21,5
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbygger 6-15 år (kr)	206000	133691	164685	143623	157642
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbygger 0-22 år (kr)	16240	9718	9316	3091	8631
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	10,3	7,6	3,3	5,6	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	9,8	7,1	3,1	6,5	4,9
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (%)	5,5	8,9	3,9	1,7	4,5

Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til barnehage, skule og barnevern. Tala elles for barnevern ligg også ein del over gjennomsnittet. Utover dette så viser ein til tala i tabellen.

1.13.2 Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Bygland	Åmli	Marnar- dal	Iveland	Kostra- gr. 05
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	49087	41857	37382	29882	42921
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	510,8	415,8	416,3	288,6	461,9
Netto driftsutgifter omsorgstjenester i % av kommunens samlede netto driftsutgifter	34,4	34	28,7	21,1	34,8
Andel brukerretdede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning	80,9	87,4	87,4	70	79,7
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (%)	100	73,3	100	100	93,3
Netto driftsutg. til kommunehelsetjenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	6,4	4,8	4,2	5,1	6,1
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	22,4	16,3	12	9	16,3
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	6,9	10,9	12	12,8	12,1
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innb. 0-20 år	125,3	47,8	63,1	54,9	52,3
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (%)	71,4	82,6	90	87	57,6


Kommunen har litt høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa. Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen betydeleg over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg, lege og helsestasjons- og skolehelsetenesta. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.





DEL 2 – ÅRSRAPPORTAR FRÅ EININGANE

I denne delen av årsmeldinga vil ein gi ein kort rapport om året som har gått frå kvar av resultateiningane. Dei fleste einingar har halde seg innanfor ramma, medan to har hatt eit meirforbruk. Samla sett har alle einingane levert eit godt resultat for året 2019.





2.1 Politisk styring og kontroll

Omtale av eininga

Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, tapt arbeidsforteneste og andre utgifter i samband med møte med meir.

Møteaktivitet i 2019

I 2019 hadde dei respektive styre, råd og utval følgjande antal møter og saker:

Utval	Antal møter	Antal saker
Kommunestyret	12	120
Formannskapet	14	107
Administrasjonsutvalet	2	8
AMU	5	21
Plan miljø og ressurs (PMR)	10	119
Råd for eldre og f.hemma	7	31
Klagenemnd for eigedomsskatt	1	3
Valstyret	4	8
Bygland ungdomsråd	3	16
Sum	58	433

Talet på møter har auka ein del i 2019 noko som er ganske naturleg då 2019 var eit år med kommuneval. I 2018 var talla 51 møter og 332 saker.

2.2 Stab og fellesutgifter

Omtale av eininga

Eininga omfattar økonomi og næring, personal- og administrasjon, beredskap, fellesutgifter, IKT, pedagogiske fellestenester, kyrkjesektoren, frivilligsentralen og HTV (hovudtillitsvald)/HVO (hovudverneombod). Nytt for 2018 er at den nyoppretta stabseininga plan og utvikling også inngår i eininga. I denne inngår folkehelsekoordinator, byggesak og fagleiar plan. Eininga for kultur er organisert under staben, men har eiga økonomisk ramme og vert difor kommentert i eige avsnitt. Når det gjeld frivilligsentralen, syner ein til frivilligsentralen si eiga årsmelding, som vert lagt fram på årsmøtet.

Stabseining: Personal og administrasjon (PAD)

Tilsette:

Det er 3,6 årsverk i PAD eininga i tillegg til 1,25 årsverk på kultur.

Sjukefråvær:

For kommunedirektøren sin stab har prosenten vore 1,67 %, for PAD-eininga 0,81% og for kultur 0 %. Sjukefråveret for kommunen totalt sett er i hovudsak langtidsfråver og for PAD-eininga gjeld det enkeltpersonar som no er attende i jobb.

Arbeidsoppgåver:

Eininga har i hovudsak ansvar for fylgjande:

- Post, e-post, arkiv, innsynssaker m.m.



- ❑ Val og politisk sekretariat.
- ❑ Informasjon, (inkl. heimeside, facebook, instagram og Byglandsnytt)).
- ❑ Kultur. (inkl. bibliotek og ungdomsklubb).
- ❑ Publikumsrett.
- ❑ Overordna personal.
- ❑ Beredskap.
- ❑ SLT
- ❑ Sentralbordteneste og telefoni.
- ❑ Systemansvar sakshandsamingssystem, rekrutteringssystem.

I 2019 har fylgjande hatt hovudprioritet:

- ❑ Primær oppgåver som post, e-post, arkiv, innsynssaker (168 innsynssaker i 2019)
- ❑ Politisk sekretariat. Kommuneval.
- ❑ Hatt fokus informasjonsarbeid.
- ❑ Oppgradering av Elements hausten 2019.
- ❑ Sakshandsaming på dei ulike fagområda våre.

Journalpostar:

01.01.2019– 31.12.2019

Inngående brev (I):	4204
Utgående brev (U):	2536
Saksframlegg (S):	165
Notat (X,N)	898

Møtesekretariat:

Utval	Antal møter	Antal saker
Kommunestyret	12	120
Formannskapet	14	107
Administrasjonsutvalet	2	8
AMU	5	21
Plan miljø og ressurs (PMR)	10	119
Råd for eldre og f.hemma	7	31
Klagenemnd for eigedomsskatt	1	3
Valstyret	4	8
Bygland ungdomsråd	3	16
Sum	58	433

Stabseining: Økonomi og næring

Tilsette:

Det er 3,2 årsverk i eininga.

Sjukefråvær:

Sjukefråveret var 2,38 % i 2019.



Arbeidsoppgåver:

Hovudoppgåvene til eininga er løn, sjukefråvær/refusjon, overordna rekneskap, bokføring, fakturering, fakturahandsaming, innkrevjing, økonomisk styring og budsjett, pensjon, rapporteringar, næring, innkjøpsansvar, eigedomsskatt, utvikling- og systemansvar på ERP-systemet og integrasjonar mot andre fagsystem. I tillegg utfører avdelinga støttefunksjonar ut mot einingane. To av avdelinga sine tilsette er dagleg leiar og styremedlem i dei kommunalt eigde aksjeselskapa Byglandstunet AS og Glashytta Eigedom AS.

Utviklingsarbeid:

I 2019 har ein installert ein modul i økonomisystemet som gjer at ein kan bokføre fleire fakturaer samtidig. Dette sparar ein for mykje tid i samband med bokføring. Av om lag 4700 fakturaer registrert i økonomisystemet i 2019, så var over 80 % av desse fakturaene elektroniske. Dette gir store effektiviseringsgevinstar og stor reduksjon i antal feilkjelder sidan ein slepp å «punch» desse fakturaene manuelt inn i systemet.

Stabseining: Plan og utvikling

Tilsette:

Det er 2,6 årsverk i stabseining for POU, fordelt som følgjer:

- Leiar 40 %
- Fagleiar Plan (100 %)
- Byggesakshandsamar (100 %)
- Folkehelsekoordinator (20 %)

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i 2019 har vore 0 % for stabseininga. Dette er ein godt nøgd med.

Hovudoppgåver:

Stabseininga har i hovudsak ansvar for fylgjande:

- Planarbeid
- Byggesakshandsaming
- Folkehelsearbeid
- Forbetnings- og kvalitetsarbeid
- Informasjonssikkerheit og personvern (GDPR)
- Oppfølging i høve til internkontroll og kvalitetsstyring

Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar i 2019:

- Strategisk plan- og utviklingsarbeid i samarbeid med kommunedirektøren si leiargruppe.
- Planlegge og gjennomføre arbeidet med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Gjennomført mange tiltak for innbyggarmedverknad i samband med pågåande planarbeid, blant anna KS si innbyggjarundersøking, ulike “kafedialogar”, barnetråkk, seniorkafe, gjestebod, m.a.
- Oppstart av arbeidet med sti- og løypeplan på Byglandsfjord
- Oppfølging av «forvaltningsrevisjon for byggesak» med tilhøyrande forbetningsarbeid
- Utvikling og revidering av rutinar og prosedyrar for byggesaksfeltet for å auke kvaliteten på arbeidet.



- ❑ Auka gjennomføring av førehandskonferansar i samband med byggesøknadar og oppstart av planarbeid.
- ❑ Fleire byggesøknadar er komplette ved fyrste gongs innsending enn tidlegare.
- ❑ Oppfølging av forbetnings- og kvalitetsarbeid i einingane og kommunedirektøren sin stab.
- ❑ Oppfølging av personvernforordninga (GDPR) i kommunen.

Statistikk for byggesaksfeltet:

Politiske saker:

	Dispensasjon	Klage	Anna	Sum
2013	18	2	3	23
2014	20	1	0	21
2015	12 + 5 adm	5	22	39
2016	28	4	1	33
2017	20	5	2	27
2018	19	2		21
2019	18	3	0	21

Delegerte saker:

	Søknad handsamast innan 3 veker	Søknad handsamast innan 12 veker	Ferdigattest Mb	Anna	Sum
2013	80	12	11	4	107
2014	74	14	42	0	130
2015	57	17	48	0	122
2016	56	21	61	1	138
2017	41	24	48	2	115
2018	42	35	39	0	116
2019	48	25	73	0	146

Merknad: Dei fleste saker som er handsama som dispensasjon i politisk utval gjeld dispensasjon frå kommunale planar. Det er forventa at den komande revisjonen av kommuneplanen vil føre til ei meir effektiv byggesakshandsaming og færre dispensasjonsaker.

Utviklinga vidare:

- ❑ Revidering av kommuneplanen (samfunns- og arealdelen) med tilhøyrande handlingsdel vil vere den største og mest arbeidskrevjande oppgåva i 2020.
- ❑ Arbeid med vidare utvikling av Presteneset i tråd med reguleringsplan
- ❑ Arbeid med ulike kommunedelplaner og temaplaner
- ❑ Legge til rette for å få satt i gong privat reguleringsarbeid
- ❑ Legge til rette for oppdatering av eksisterande, private reguleringsplaner
- ❑ Legge til rette for at «folkehelse» er eit gjennomgangstema i alle planprosessar
- ❑ Oppretthalde fokus på viktigheita av førehandskonferansar i både plan- og byggesaksarbeid
- ❑ Oppdatering av modulen «Planinnsyn» vil gi betre tilgang på informasjon til både innbyggjarar og profesjonelle aktørar.
- ❑ Implementering av ny versjon av kommunen sitt internkontrollsystem – Compilo.
- ❑ Fokus på generell kvalitetsforbetring innan både plan- og byggesaksfeltet, blant anna folkehelse som ein naturleg del av alt planarbeid.
- ❑ Fokus på å overhalde tidsfristar gitt i plan- og bygningslova



- ❑ Fokus på bygningsmynda si tilsynsrolle, særleg på byggeplass og i samband med utferding av ferdigattest.
- ❑ God oppfølging av personvernforordninga (GDPR) i kommunen.

Frivilligsentralen

Tilsette:

Det er tilsett ein dagleg leiar i 60 % og medarbeidar i 20% stilling. I tillegg har det vore ei mellombels prosjektstilling på 20% knytt til Utstyrssentralen.

Sjukefråvær:

Sjukefråveret har vore 0% i 2019.

Arbeidsoppgåver:

Frivilligsentralen har i hovudsak ansvar for fylgjande:

- ❑ Koordinere frivillig innsats
- ❑ Rekruttere frivillige
- ❑ Drifte Utstyrssentralen
- ❑ Skape samarbeid mellom lag og foreiningar og kommune/sentralen
- ❑ Skape nye tilbod
- ❑ Drifte eksisterande tilbod
- ❑ Dialog med frivillig sektor
- ❑ Dialog med andre einingar i kommunen
- ❑ Motarbeide utanforskap
- ❑ Skape møteplassar

Viktige hendingar i 2019:

- ❑ Seniorsenter er på Byglandsfjord kvar måndag. Dette er framleis godt besøkt, minimum besøkande 12. Dette er eit samarbeid mellom Byglandsheimen og Frivilligsentralen.
- ❑ Samarbeid med oppvekstsenteret kring Arbeidslivsfag-valfag. Elevar frå 8. klasse arbeider frivillig for Frivilligsentralen. I 2019 hadde me 18 elevar.
- ❑ Aktivitetscafé i Byglandshallen kvar torsdag. Her er det tilbod om tilrettelagd styrke og balansetrening. Dette er eit populært tilbod, med minimum 16, ofte 20-30 deltagarar.
- ❑ Teppebowlsen har vore aktivt og godt besøkt heile 2019.
- ❑ Bygdemiddagen går annankvar veke. Frivillige lagar mat, og serverer den billeg til bygdas befolkning. Totalt 24 frivillige er med på prosjektet. I 2019, har det vore innom ca. 500 menneske for å ete.
- ❑ Bingo har vore annakvar veke. 5 frivillige rullerer på å ha ansvar. Det kjem mellom 7-15 menneske på dette tilbodet.
- ❑ Tysdagscafeen går annankvar tysdag. Samlar 5-15 menneske.
- ❑ Strikkecafeen er dreven av frivillige, i samråd med Husflidlaget. Arrangerast annakvar veke, ca 5-10 deltakarar.
- ❑ Gåtur på dagtid vart starta opp både på Byglandsfjord og Bygland. Ingen frammøtte på Byglandsfjord. På Bygland er godt oppmøte, 1 gong i veka. 5-10 deltakarar.
- ❑ Handletur til Evje med kafebesøk, 1 g. pr mnd.. Ein nyttar den kommunale bussen og har frivillig sjåfør. Lite bruk i år, pga. lita interesse.
- ❑ Frivilligsentralen har arrangert 3 dialogmøter, der alle lag og foreiningar vart inviterte. Her fokuserer ein på dialog og samarbeid.
- ❑ Matombringinga frå Byglandsheimen gjeng to gonger i veka.



- ❑ Følgehjelp- Det har vore fleire oppdrag som følgehjelp til lege mm., mellom 10-15 oppdrag.
- ❑ Lytteven: frivillige på Byglandsfjord er faste lyttevenner på skulen, ei gong i veka.
- ❑ Sommarfest for alle frivillige vart halde i juni. Ca 30 påmelde, med konsert og mat med dessert.
- ❑ Jolegrantenninga er eit fast arrangement der frivillige frå sentralen er med å forberede og gjennomføre. All pynting i sentrum, og det som hender på Vonheim er gjort av Frivilligsentralen og frivillige. Mellom 100-150 besøkande i år.
- ❑ Det vart gjennomført 3 styremøter i 2019. Pga val av nytt kommunestyre var det færre enn normalt.
- ❑ Det vart halde joleavslutning på Frivilligsentralen med middag og kake. Same dagen blei det feira «Frivillighetens dag». 35 frivillige kom.
- ❑ I juni 2019 vart Bygland utstyrssentral opna. Her kan alle som treng utstyr av ulik slag låne gratis. Fleire frivillige er involvert, og det vart oppretta ei mellombels 20 % stilling knytt til sentralen ut 2019. Det har vore ca 70 utlån. Utstyret er sesongbasert, og ein dårleg vinter trur ein har virka inn.
- ❑ Sentralen bruker Frivillig.no som rekrutteringsverktøy. Dette har resultert i ein del nye frivillige. Totalt har ein rekruttert ca 25 nye frivillige i 2019, og me er nå oppe i 107 frivillige.
- ❑ Dagleg leiar er Nettverksleiar for Midt Agder nettverket, og deltok på samling for nettverksleiarar i November 2019 i Oslo.
- ❑ Frivilligsentralen har brukt ein del tid på å leggje inn info i det nye datasystemet INVI, og ny heimeside. Dette fungerer no godt til koordineringa av frivillig arbeid.

Antal frivillige timar: 2017: 1258

2018: 2647

2019: 3858

Årsverk frivillige: 2019: 2,3 (1702 timer i 1 årsverk)

2.3 Kultur

Omtale av eininga

Eininga omfattar kultur, bibliotek, ungdomsklubben og ungdomsrådet. Netto driftsutgifter på ansvarsområdet for bygdeboka vert saldert av fond.

Tilsette

Det er tilsett ein kulturleiar i 40% stilling og ein ungdomsleiar på ungdomsklubben i 25% stilling. I tillegg har det vore ein ekstrahjelp til stades ved arrangement, turar, sjukefråver o.l. På biblioteket er det biblioteksjef i 60% stilling, samt at vedkommande har 10% som skulebibliotekar.

Kompetanse

Kulturleiaren har delteke på nettverkssamlingar for ungdomsråd, kultur og Den kulturelle skulesekken, spillemiddelsamling i Kristiansand i slutten av august, og nettverksmøte/kommunesamlingsmøte og UKM.



Arbeidsoppgåver

Kulturleiaren har budsjett-, personal- og fagansvar for ungdomsklubben, kultur og bibliotek. I tillegg kjem handsaming av saker knytt til kultur og ungdomsråd. Kulturleiaren har ansvar for søking/rapportering på spelemidlar, ansvar for Den kulturelle spaserstokken, bindeledd for Den kulturelle skulesekken/beremeisen. Ansvar for kulturskulen og UKM ligg her.

Kulturleiaren skal i tillegg vere kommunen sitt bindeledd ut mot organisasjonar, lag og foreiningar. Ho har heilt eller delvis ansvar for diverse kommunale arrangement og tiltak, til dømes i Den kulturelle spaserstokken, bygdekino, konsertar osv.

Biblioteksjefen har ansvar for dagleg drift av folkebiblioteket, samt skulebiblioteket. Ungdomsleiaren er ansvarleg for ungdomane i opningstida på ungdomsklubben, og for at ungdomane har eit godt fritidstilbod. Ungdomsleiaren har samarbeidd med ekstrahjelp om aktivitetar og planlegging av arrangement.

Kulturskulen

Kulturskulen er eit interkommunalt samarbeid mellom Bygland kommune og Evje og Hornnes kommune. Kulturinspektøren har ansvar for det administrative arbeidet i Kulturskulen. I september 2018 blei det tilsett ein ny person i denne stillinga, ho har tittelen: avdelingsleiar kulturskulen. Det er tenkt at ho skal ha ein dag i veka på Bygland, dette blei ikkje sett i verk i 2019. Det har og vore tilsett ny rektor i kulturskulen. Evje og Hornnes har hatt behov for , var at ho måtte setje seg inn i stillinga fyrst.

Det blei inngått ny avtale om samarbeid saman med Evje og Hornnes kommune i 2018. For å vere i stand til å gjennomføre drifta av kulturskulen på ein forsvarleg og tilfredsstillande måte, var Bygland kommune nødd til å auke prosenten til administrativ stilling frå 10-20%, samt auke undervisningsstillingane frå 45%-50%. Den nye avtala vart gjeldande frå 1.8.2018.

Evje og Hornnes ser på det å byggje opp tilbod på Bygland som veldig utfordrande og tidkrevjande.

Det har vore 11 elevar i kulturskulen 2019 (frå oktober 2019). Kulturskulen har bytta system, og difor kan tallane vere noko ukorrekte. Dei er fordelt på følgande: Song: 4, Piano: 6, Band: 1. I haustesemesteret var det tilbod om song, piano, kunst og dans på Bygland. Dette vart kutta, grunna få søkarar. Berre ein var påmeld.

Alle elevane til kulturskulen på Bygland får tilbod om elevplass på Evje. 1 elev har takka ja til song på Evje, og 1 på gitar. Det er gjennomført 1 informasjonsmøte om kulturskolen og UKM på Bygland. Avdelingsleiar har også delteke på møter og planlegging i forbindelse med UNESCO-prosjektet i øvre Setesdal, samt presentert tilbodet for rektorane i Bygland og på Byglandsfjord, kor det er planlagt inn i undervisninga. Elevar frå Bygland har delteke på arrangementer i Evje og Hornnes slik som Landskytterstevnet og UKM-møte for fylket. På Evje har ein hatt ulike arrangement for alle elevane: Lydkurs i digitale miksarar, trygg på scenakurs, kurs i voksmaling, joleavslutning med forfatarbesøk.

Ungdomsklubb

Klubben er open måndag og onsdag 1900 til 2200. Det har vore godt med oppmøte på klubbkveldane (opp mot 25 kvar gong), og ungdomsleiaren meiner kveldane går veldig bra. Husstyret er ansvarlege og bidreg i planlegginga av arrangement. Ekstrahjelpa var noko til



stades i samband med sjukefråver og særskilde aktivitetar. Det har grunna lita interesse ikkje vore gjennomført fjelltur. I haust har klubben hatt aktivitetar i Byglandshallen ein og annan onsdag. Dette tilbodet har vore populært. Det er ekstrahjelp som tek seg av denne aktiviteten. Klubben hadde jolebord i desember, det var stor deltaking der.

Kultur

Det var ingen påmelde til UKM frå Bygland i 2019. Difor var ikkje Bygland kommune delaktig i mønstringa, berre i planlegginga/promoteringa i forkant. Den kulturelle spaserstokken har vore aktiv, og hatt 6 arrangement i løpet av året.

Bygdekinoen har vore ein gong i månaden i samarbeid med 4H, og dette har fungert flott. Generelt godt besøkt. I tida kulturscena vart ombygd, var kinoen i Byglandshallen.

Når det gjeld kulturmidlar, har kulturleiar og Formannskapet lagt vekt på å gi tilskot til lokale tiltak og aktørar. Etter ynskje frå Formannskapet, blei retningslinene for tildeling av kulturmidlar revidert i 2018, for å opne opp for å kunne gje tilskot til dei som satsar innan kultur/idrett på høgare nivå. Det har vore utdelingar knytt til dette i 2019.

Kulturleiar har vore ansvarleg for oppfølging og sekretær for kommunens ungdomsråd. Ungdomsrådet har dette året vore på fagsamling på Hovden i regi av Setesdal regionråd, og hatt 3 møter og 10 saker. Dei blir behandla på lik linje som andre råd og utval, og får møtegodtgjering, som andre.

Kommunestyret bevilga 50000 kr til Bygland ungdomsråd på budsjettet for 2019. Kulturleiar har også vore ansvarleg for, saman med leiar for drift og forvaltning og fagleiar plan, oppussinga av den gamle gymsalen på Bygland skule. Denne blei omgjort til kulturscene. Kulturleiar/fagleiar plan samla saman ei arbeidsgruppe bestående av engasjerte menneske frå lokale lag og foreiningar, som fekk i hovudoppgåve å bestemme innhaldet i hallen (lys, lyd, scene, interiør mm). DFV tok seg av det byggtkniske. Kulturscena var ferdig hausten 2019.

Kulturtilskot til lag og foreiningar – 2019:

Søkar	Tilskot
Austad leikarring	4800 kr
Torsdagsklubben	5060 kr
Bygland Skyttarlag	29270 kr
Kong Hanes Eftf.	3900 kr
Byglandsfjord barnekor	4320 kr
Byglandsfjord grendelag	20460 kr
Framsteg 4H	9530 kr
Bygland IL	64800 kr
Dølafoten	1560 kr
Årdal Skyttarlag	14490



Bygland folkebibliotek året 2019:

	Barn	Vaksne	Besøk t.	Utlån b.	Utlån v.	Utlån t.
2018	1388	1901	3289	2970	3655	6625
2019	1395	1998	3393	3139	3536	6675

- ❑ Besøket i opningstida har tatt seg litt opp.
- ❑ Utlånet av bøker og andre medier i biblioteket held seg stabilt. Ulik tidlegare tabell: desse tala er førstegongs utlån (tidlegare med fornying). Auke i lån av e-bøker, 654 utlån i 2019.
- ❑ Mange arrangement på begge biblioteka i kommunen med rundt 370 tilhøyrarar i alt. Mest populært er barneteateret i november.
- ❑ Fast på Byglandsfjord kvar tysdag: Bokkafé der godt vaksne tar opp lokalhistorie og elles aktuelle ting i tida.
- ❑ Biblioteket har faste avtalar med skuleklassar og barnehagar om besøk på biblioteket.
- ❑ Ungane som starta på skulen hausten 2019, fekk kvar si bok i gåve som tradisjonen er.
- ❑ Samarbeidet mellom alle biblioteka på Agder held fram. Transportsystemet vårt av bøker fungerer godt og er viktig for fjernlånssystemet.
- ❑ Av datatenester vil eg nemne heimesida til Bygland folkebibliotek, eBokBib med e-bøker og e-lydbøker samt samsøket for alle bibliotekbrukarar i Noreg: bibsok.no (Nasjonalbiblioteket).

Bygdeboka

Bygdebokskrivar Ådne Fardal Klev har i 2019 arbeidd vidare med Bygland Gard og Ætt. Arbeidet bygger på det materialet som tidlegare bygdebokskrivar Reidar Vollen har ført i pennen.

Sogenemnda har frå hausten 2019 følgjande medlemmer:

- ❑ Eystein Greibrokk
- ❑ Torgeir Moseid
- ❑ Birgit Attestog
- ❑ Kari Aud Svenningsen
- ❑ Anne Eikerapen

Det er også samla inn bilete i samarbeid med bygdeboknemnda og det er gjennomført kontakt med folk for å kvalitetssikre det som er omtala i det neste band av boka. Det vert arbeidd med fleire bøker samstundes og det er difor vanskeleg å tidfeste når ein kan gi ut ei ny bok.

Det er i 2019 selt bygdebøker for kr 8.000 (avrunda), medan utgiftene har vore kr 613.000.



2.4 Bygland oppvekstsenter



Omtale av eininga

Ordinær skuleverksemd i 1. – 10. klasse, barnehage, vaksenopplæring, skulefritidsordning (SFO) og leksehjelp.

Utvikling i elevtal

Utvikling i elevtal for Bygland skule og prognose for elevtal dei komande åra:

Skuleår:	2017/18	2018/2019	2019/20	2020/2021
Elevtal:	92	98	91	83

Barnetrinnet har skuleåret 2019/20 vore nesten fulldelt, dvs. at kvart årstrinn har hatt sin kontaktlærer, med unntak av 5. og 6 klasse. Desse to årgangane er svært små, til saman 13 elevar og har hatt same kontaktlærer. Det er totalt 44 elevar på barnetrinnet. Ungdomsskulen har fulldelte klassar. Det totale elevtal på ungdomsskulen er 47 elevar.

Slik ser gruppesamansetninga ut for skuleåret 2019/20:

Trinn	1+2	3+4	5+6	7	8	9	10
Antal elevar	12	13	13	6	15	14	18

Ein ventar 5 fyrsteklassingar frå hausten. Elevtalet på barnesteget er toleg stabilt. For skuleåret 2020/2021 vil ein fådele barnetrinnet og slå saman fleire årstrinn. Den nye 8.klassen frå hausten vert på 11 elevar. Det samla elevtalet på ungdomsskulen vil gå ned med 7, slik at samla elevtal i ungdomsskulen minkar og vil totalt ligge på 47 elevar.

Barnehagen

Hausten 2019 er det 24 barn totalt fordelt på to avdelingar, 15 barn på Storestog og 9 barn på Lislestog (småbarns avdeling). Barnehagen har opningstid frå 07.00 - 16.30 alle dagar. Utvida opningstid frå 7.15 til 7.00 er ei prøveordning for barnehageåret 2019/2020. Prøveordninga vil halde fram neste barnehageår 2020/2021. Det er ikkje mange familiar som nyttar seg av utvida



opningstid, men dei få det gjeld har arbeid eller skulegang i nabokommunen som dei ikkje vil kunne oppretthalde dersom ein skrenkar inn opningstida.

SFO

Dette skuleåret er det til saman 19 born som går i SFO ved Bygland oppvekstsenter. Kommunen tilbyr SFO alle vekedagar frå 07.00 - 16.30. På lik line med barnehagen har ein utvida opningstida. Dei same premissene for opningstid i barnehagen gjeld for SFO.

Vaksenopplæring

Oppvekstsenteret har inntil våren 2019 hatt norsk- og samfunnsfagopplæring for busette flyktingar. Desse gjekk opp til eksamen våren 2019. Sidan små landkommunar ikkje lengre får tildelt flyktingar, er opplæring av flyktingar redusert kraftig i kommunen. Dei elevane som var opp til eksamen har starta på Setesdal vidaregåande skule avdeling Hornnes eller fått tilbod om grunnskuleopplæring.

Bygland kommune har fire elevar på grunnskuleopplæring for vaksne skuleåret 2019/2020. Dette vert ordna gjennom ein samarbeidsavtale med Evje og Hornnes kommune og tilbodet vert gitt på Evje. I tillegg driv kommunen eit avgrensa tilbod med grunnskuleopplæring for vaksne ved oppvekstsenteret på Bygland.

Bemanning

Bemanning – ant. årsverk:	2015	2016	2017	2018	2019
Leiing og administrasjon	2,8	2,5	2,5	2,5	2,5
Undervisningspersonale	16,22	13,9	12,4	12,71	12,71
Assistentar	2,42	1,0	1,5	1,8	1,0
Bibliotekar	0,08	0,08	0,08	0,08	0,08
Fagarbeidarar	3,6	3,3	3,9	4,0	5,34
Barnehagelærarar	3,7	3,0	3,0	3,0	4,00
Samla bemanning:	26,17	23,78	23,38	24,09	25,63

Kommentar:

Skjerpa bemannings- og pedagognorm i barnehagen gjer til at ein har auka bemanninga i barnehagen med ein pedagog. Det har vore behov for å styrke ressursbruk på fagarbeidarar grunna elevar med spesielle behov. Dette er i tråd med tilrådingar frå Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT).

Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar

- Godt kvalifisert personale, som er fleksible og løysingsorientert til beste for barn og vaksne på oppvekstsenteret.
- Uteområdet ved oppvekstsenteret fekk prioritert plass i kommunen sitt investeringsbudsjett for 2018. Arbeidet er ferdig stilt for plassen framom skulen. I barnehagen skjer det endringar no i vår, og ein reknar med at arbeidet er ferdig til hausten. Det står att ein leikeplass på baksida av skulen, som berre småskulen bruker. Arbeidet med denne er tenkt gjennomført i 2021.
- Oppvekstsentra i Bygland implementerer Handlingsplan for eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø.



Satsingsområde

Barnehagen:

Brukarundersøkinga syner at dei føresette er godt nøgd med barnehagen. Samla sett fekk barnehagen 4,4 poeng av 5 moglege.

Barnehagen har fleire samarbeid i høve kompetanseutvikling.

- ❑ **Kvalitet i barnehagen** er eit samarbeid mellom kommunane i Setesdal. Det er ei kursrekke via Kommunanes Sentralforbund KS til styrarar og pedagogar. Innhaldet er leiing i arbeidet med implementering av Rammeplan for barnehagar. I tillegg til leiing og utvikling av barnehagen som eit profesjonelt og lærande fellesskap, samt leiing av barnehagebasert kompetanseutvikling.
- ❑ **Livsmeistring** er eit samarbeid mellom kommunane i Setesdal. Opplæring i blant anna leikens betydning for barns utvikling, korleis vaksne kan bidra til å skape gode relasjonar og bidra til å inkludere alle barn/spesielt sårbare barn og handtering av ulik åtferd hjå barn.
- ❑ **Språkmiljø – systematisk språkarbeid i barnehagen**, eit samarbeid mellom kommunane i Setesdal og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning, NTNU. Tema er blant anna språkutvikling og språkvanskar, språkkvardag og språk og leseaktivitetar.
- ❑ Barnehagane i kommunen har eit tett samarbeid og har felles planleggingsøker og felles årsplan.
- ❑ Barnehagen tilfredsstillar krava til bemannings- og pedagognorma.
- ❑ Eit utval av aktivitetar vi har i løpet av barnehageåret:
- ❑ Barnehagedagen i lag med Byglandsfjord barnehage
- ❑ Kulturelle innslag frå den kulturelle bæremeisen
- ❑ Luciafrukost
- ❑ Nissefest
- ❑ Bamsedag på Byglandsheimen
- ❑ Skidagar og sykkeldagar
- ❑ Førskulegruppa i barnehagen har fleire felles aktivitetar gjennom året i lag med 1. klasse.

Skulen/SFO:

- ❑ Frå 01.08.2020 trer den nye læreplanen K2020 i kraft. Eit fagleg hovudfokus i skulen er å førebu denne endringa, og arbeide med implementering av den nye planen.
- ❑ Vi er i innspurten av prosjektet «Skriving i alle fag». Det er eit samarbeid mellom Bygland kommune og Evje og Hornnes kommune med rettleiarar frå Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning, NTNU. K2020 er også ein sentral del av dette utviklingsprosjektet. Mål for satsinga:
 - Skape ei felles forståing for skriving som grunnleggjande dugleik i alle fag.
 - Integreere skriving som ein grunnleggjande dugleik i læringsarbeidet til skulen i alle fag.
 - Utvikle ein lese- og skriveplan for alle trinn som inngår i dei lokale læreplanane til skulen.
 - Gi ei eksplisitt og tilpassa skriveopplæring for kvar enkelt elev på kvar skule.
- ❑ Vi arbeidar kontinuerleg med det psykososiale miljøet på skulen. I år har vi utvikla eit årshjul for sosial kompetanse med månadlege tema som handlar blant anna om livsmeistring. Vi må bruke tid på å implementere årshjulet. I tillegg har vi ein *Handlingsplan for eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø*, som tilsette og føresette



kjenner til. Vi jobbar kontinuerleg med klasseleiing og klasse miljø. Vi ser nytten av å involvere føresette i dette arbeidet og få i gang aktivitetar for klassar på fritida.

- ❑ I tillegg har vi fokus på vurdering for læring, med mellom anna tettare oppfølging av elevane gjennom fleire og meir strukturerte elev- og foreldresamtalar. Arbeid med læringspartnar held fram.
- ❑ Skulane i kommunen har eit utstrekt samarbeid, både mellom elevar og lærarar.
- ❑ Elevane på mellomtrinnet har jamlege faglege og sosiale samlingspunkt. Dette er ein del av førearbeidet for å skape eit godt og trygt læringsmiljø på ungdomsskulen, men også for å bygge gode relasjonar mellom barna i kommunen, og såleis førebygge utanforskap og mobbing.
- ❑ Lærarane samarbeider i fagnettverk, deltar i felles hospitering og på fagsamlingar.
- ❑ Det er kultur for at skule er viktig i Bygland og vi har over tid hatt gode skår på læringskultur på elevundersøkinga. Dette syner seg blant anna igjen på særskilde gode avgangskaraktarar. Våren 2019 oppnådde klassen 44,6 grunnskulepoeng. Til samanlikning ligg Aust Agder fylke på 41,5 poeng og nasjonalt er poengsummen 42,0.

Eit utval av dei aktivitetane vi har i løpet av skuleåret:

- ❑ Fellessamlingar for heile skulen ei gong i månaden. Ulike klassar deler på ansvaret med å leie samlinga og syne fram elevarbeid, i tillegg til at elevrådet og rektor kjem med informasjon.
- ❑ Tematur med «Aktive fredsreiser» til konsentrasjonsleirane i Tyskland og Polen i samarbeid med Valle skule
- ❑ Leseveker med lesevake
- ❑ Mattedagar
- ❑ Kulturell innslag i regi av den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane for alle klassesteg
- ❑ Skogdag for 9. klasse
- ❑ Joleverkstad
- ❑ Temadagar, med blant anna fokus på lokal kulturarv og livsmeistring
- ❑ Gamaveke, med ulike aldersblanda aktivitetar
- ❑ Trivselstiltak:
 - Bli kjent tur for ny 8. klasse
 - Joleball/jolefest
 - Lagedag
 - Alpindag/skidag
 - Aktivitetsdagar og besøksdagar med Byglandsfjord
 - Påskelunsj

Utviklinga framover – målsettingar

- ❑ Utvikle oppvekstsenteret som driftseining
- ❑ Implementere kommunen sine fem verdiar i det daglege arbeidet
- ❑ Halde fram arbeidet med å førebygge og stoppe mobbing, og skape eit trygt og godt miljø for alle.
- ❑ Vi arbeidar kontinuerlig med kvalitetsutvikling og fokus på gode resultat
- ❑ Få sett i gang planen for leikeområde på leikeplass, baksida skulen.
- ❑ Vidareføre satsing på systematisk språkarbeid, livsmeistring og kvalitet i barnehagen.
- ❑ Utvikle ein inkluderande skule og barnehage
- ❑ Implementere det nye læreplanverket, K2020



- ❑ Utvikle og samordne bruk av digitale verktøy
- ❑ Halde fram med satsing på lesing og skrivning i alle fag, vurdering for læring, samt arbeidet med tidlig innsats og prioritere spesialundervisning på lågare trinn
- ❑ Vidareføre og utvikle tilpassa opplæring for alle elevar.
- ❑ Leggje til rette for auka elevmedverknad og stimulere til eigenvurdering
- ❑ Vidareutvikle det gode samarbeidet mellom oppvekstsenteret og heimane
- ❑ Bruke nasjonale prøver, brukarundersøkingar og andre data som eit verktøy til kvalitetsforbetring av oppvekstsenteret.
- ❑ Etter- og vidareutdanning for personalet i tråd med behov og ynsker.





2.5 Byglandsfjord oppvekstsenter



Omtale av eininga

Eininga består av ordinær skuleverksemd 1.–7. klasse, skulefritidsordning (SFO), toavdelingsbarnehage og leksehjelp.

Utvikling i elevtal

Tabellen under viser utviklinga i elevtalet ved Byglandsfjord oppvekstsenter. I tillegg er ein prognose for elevtalsutviklinga dei komande åra:

Skuleår:	2018/19	2019/20	2020/21	2021/22
Elevtal:	41	44	41	39

Talet på busette elevar er stabilt, og prognosen visar at tala vil halde seg jamt dei neste åra. Skulen vil også neste skuleår vere organisert etter ein tredelingsmodell. Det inneber at småskulen er delt i to, medan mellomtrinnet er ei gruppe med parallelle timeplanar. Dette gir høve til å skilje ut 7. klasse ved behov.

Slik ser gruppesamansetninga ut skuleåret 2020/2021:

Trinn	1-2	3-4	5-6-7
Antal elevar	11	15	15

Komande skuleår ventar skulen to nye fyrsteklassingar.

Barnehagen

Barnehagen har ope frå kl. 07.15-16.30. Hausten 2019 var det 20 barn i barnehagen, men barnehageåret 2019-2020 blir avslutta med 22 barn fordelt på to avdelingar (12 på avdeling Frosk og 10 på avdeling Rumpetroll).



SFO

SFO har ope frå 07.15-16.30. Det er 25 brukarar i skuleåret 2019-20, og det er venta å halde seg om lag på same nivå til neste skuleår.

Bemanning

Bemanning– ant. årsverk:	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Leing og administrasjon	1,4	1,4	1,5	1,5	2
Undervisningspersonale	6,28	6,18	6,18	6,18	5,58
Fagarb./Ass. Skule/SFO	1,1	1,2	2,4	2,4	3,77
Fagarb./Ass (Barnehage)	3,2	3,2	3,2	2,8	2,2
Førskulelærarar/Ped.-leiarar	2,6	2,6	2,2	3,2	3
Bibliotekar	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02
Samla bemanning:	14,60	14,60	15,50	16,10	16,57

Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar

Generelt:

- Godt motiverte medarbeidarar, med evne og vilje til nytenking og samarbeid på tvers av undereiningane. Gjensidig tillit, respekt og støtte mellom dei tilsette og leing.
- Lågt sjukefråvere gjennom heile året.
- Medarbeidarsamtalar gjennomført med alle tilsette.
- Gjennomføring av nytt uteområde er i gang. og arbeidet starta opp hausten 2019. Tilsette og elevar har vore medverkande i prosessen, og prega utforminga av uteromet.
- Oppvekstsentra i Bygland implementerer Handlingsplan for eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø.

Barnehagen:

- Brukarundersøkinga viste at dei føresette er godt fornøgde med barnehagen. Barnehagen fekk 4,5 poeng av 5 moglege.
- Regional kompetanseheving: Kompetanseutvikling for barnehagen med tema barnehagens språkmiljø; systematisk språkarbeid i barnehagen og språkløyper som verktøy. Dette er eit samarbeid mellom Bygland kommune, Evje og Hornnes kommune og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning, NTNU.
- Arbeid med å implementere rammeplanen held fram, med livsmeistring og helse, berekraftig utvikling, og likestilling og likeverd som gjennomgåande tema.
- Barnehagen tilfredsstillar krava til pedagognorma og bemanningsnorma.
- Barnehagane i kommunen samarbeider godt og har felles planleggingsøkter.
- Eit utval av dei aktivitetar vi har i løpet av barnehageåret:
 - Åkkeveke
 - Barnehagedagen med Bygland barnehage
 - Kulturelle innslag frå den kulturelle bæremeisen
 - Nissedag
 - Julefrukost.
 - Dei eldste i barnhagen er i tillegg med på mange felles aktivitetar med skulen/SFO.

Skulen/SFO:

- Frå 01.08.2020 trer den nye læreplanen K2020 i kraft. Eit fagleg hovudfokus i skulen er å førebu denne endringa, og arbeide med implementering av den nye planen.



- Utviklingsprosjektet «Skriving i alle fag» er inne i siste fase. Dette er eit samarbeid mellom Bygland kommune, Evje og Hornnes kommune og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning, NTNU. K2020 er også ein sentral del av dette utviklingsprosjektet. Mål for satsinga:
 - Skape ei felles forståing for skriving som grunnleggjande dugleik i alle fag.
 - Integreere skriving som ein grunnleggjande dugleik i læringsarbeidet til skulen i alle fag.
 - Utvikle ein lese- og skriveplan for alle trinn som inngår i dei lokale læreplanane til skulen.
 - Gi ei eksplisitt og tilpassa skriveopplæring for kvar enkelt elev på kvar skule
- Elevundersøkinga 2019 viser at det er svært høg trivsel på skulen. Arbeidet med det psykososiale miljøet på skulen/SFO og vurdering for læring går føre seg kontinuerleg. Tilsette og føresette kjenner *Handlingsplan for eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø*, og oppvekstsenteret arbeider etter planen. Skulen held fram med læringspartner på alle trinn. Dette har både ein positiv og førebyggjande verknad på det psykososiale miljøet, i tillegg til at det stør opp om ønskelege arbeidsmåtar og fagutvikling. Å organisere seg med læringspartnerar bidrar til at alle elevar er meir aktive. Dei lærar av andre og lærar betre sjølve av å forklare for læringspartar.
- Skulane i kommunen har eit utstrekt samarbeid, både mellom elevar og lærarar:
 - Elevane på mellomtrinnet har jamlege faglege og sosiale samlingspunkt. Dette er ein del av førearbeidet for å skape eit godt og trygt læringsmiljø på ungdomsskulen, men også for å bygge gode relasjonar mellom barna i kommunen, og såleis førebygge utanforskap og mobbing.
 - Lærarane samarbeider i fagnettverk, deltar i felles hospitering og på fagsamlingar.
- Leksehjelp for 5.-7. klasse har vore eit godt besøkt tilbod blant elevane.
- Aktiv bruk av IKT. Alle klassar har no smartboard. Alle elevar har god tilgang på berbare PC av høg kvalitet.
- Mediateket på skulen har sjølvbetjening og utlån av bøker i samarbeid med Bygland folkebibliotek.
- Eit utval av dei aktivitetane vi har i løpet av skuleåret:
 - Åkke-veke
 - Lese- og skriveveke
 - Aktivitetsdagar
 - Skidag på Høgås skianlegg
 - Lagedag
 - Nissefest
 - Julefest for heile bygda
 - Julelunsj på SFO
 - Karneval på SFO
 - Open-SFO
 - Tur til Dyreparken
 - Besøksdagar med Bygland oppvekstsenter
 - Kulturelle innslag frå den kulturelle skulesekken
 - Andre kulturopplevingar.

Utviklinga framover – målsetjingar for oppvekstsenteret:

- Oppretthalde det gode tilbodet ved skule, SFO og barnehage
- Implementere kommunen sine fem verdiar i det daglege arbeidet



- ❑ Halde fram arbeidet med å førebyggje og stoppe mobbing, og skape eit trygt og godt miljø for alle
- ❑ Implementere det nye læreplanverket, K2020
- ❑ Utvikle og samordne bruk av digitale verktøy
- ❑ Halde fram med tidleg innsats, vurdering for læring, skriving i alle fag og systematisk språkarbeid i barnehagen.
- ❑ Halde fram arbeidet med å betre det fysiske læringsmiljøet (både ute og inne)
- ❑ Stimulere og leggje til rette for fysisk aktivitet på både dag- og kveldstid
- ❑ Vidareføre og utvikle arbeidet med tilpassa opplæring til alle elevar ved skulen
- ❑ Arbeide målretta for å betre senteret i høve til elevmedverknad
- ❑ Arbeide målretta for å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet ved oppvekstsenteret
- ❑ Kompetanseheve dei tilsette ut frå behov og ynskjer
- ❑ Gjennomføre medarbeidarsamtalar kvar vår
- ❑ Vidareutvikle det gode samarbeidet med heimane
- ❑ Kvalitetssikre tilbodet i skular og barnehagar gjennom faste brukarundersøkingar, og vere opne for nytenking og innspel frå brukarane
- ❑ Gode resultat ut frå elevane sine føresetnader på nasjonale prøver i 5. klasse og oppretthalde gode resultat på elevundersøkinga på skulen og foreldreundersøkinga i barnehagen.
- ❑ Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av lokal kultur og natur, slik at ein skaper identitet til heimplassen
- ❑ Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming

2.6 NAV

Omtale av eininga

Føremålet med Lov om sosiale tenester i NAV er å fremje økonomisk og sosial tryggleik, å betre levekåra for vanskelegstilte, å bidra til auka likeverd og likestilling og å førebygge sosiale problem. Vidare skal sosialtenesta bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, fremje overgang til arbeid, og til å ha ein aktiv og meningsfylt tilvære i saman med andre. NAV arbeider med økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, økonomisk rettleiing, Kvalifiseringsprogrammet.

Kommunen busette flyktingar som kjem under introduksjonsordninga frå og med 2014.

Sosiale tenester

Dei kommunale sosiale tenester er organisert inn i NAV. NAV Bygland har 5 tilsette: 1,4 årsverk innanfor det statlege tenestområdet og 1,7 årsverk innanfor det kommunale tenestområdet, inkludert flyktingkonsulent.

NAV Bygland er eit sjølvstendig NAV-kontor, og er ein del av tenestområdet nord. Gjennom likeverdig samarbeid mellom arbeid, trygd og sosiale tenester skal brukarane berre møte ei dør til arbeids-, aktivitets- og velferdstenester i NAV.

Verkemidla i Husbanken og flyktingtenesta er organisert inn i NAV.

Talet på brukarar av sosiale tenester gjekk kraftig ned i åra 2009, 2010 og 2011 og har vore stabilt lågt fram til 2017. Vi ser at det har vore ei auke i stønadsmottakarar i 2018, så gjekk det noko ned igjen 2019. Oversikt over personar med økonomisk stønad frå NAV dei siste 10 åra:



År	Talet på stønadsmottakarar	Talet på handsama saker jf. Sosialtenestelova
2009	47	94
2010	40	66
2011	22	39
2012	20	35
2013	20	42
2014	12	62
2015	17	49
2016	20	43
2017	22	56
2018	38	112
2019	27	91

Inkludert i dette talet ligg også søknad om økonomisk rådgjeving. Det har halde seg på eit høgt antal handsama saker i 2019.

Trykket på gjeldssaker har vore aukande dei siste åra, det same har behovet for økonomisk rettleiing. Kommunen har god kompetanse på området og handsamar alle saker sjølv. NAV Bygland er i tillegg med i eit samarbeid rundt ei kompetansegruppe på økonomisk rådgjeving mellom alle kommunane i Aust-Agder som styrkar kompetansen på lokalkontora.

Husbanken

Kommunen kan gi startlån til personar som ikkje får lån i ordinære kredittinstitusjonar, eller ikkje får tilstrekkeleg lån til å finansiere kjøp av bustad.

Startlån blir tildelt etter behovsprøving. Kommunen handsamar søknadane og skal vurdere om ein kan forvente at søkjaren kjem til å ha langvarige problem med å finansiere eigd bustad og/eller har spart innanfor dei økonomiske høva, som aktuelle inntekter og naudsynte utgifter til livsopphold gir.

Kravet om at søkjaren har langvarig problem med å finansiere eigd bustad, og kravet til at søkjar nyttar høvet for sparing, kan fråvike i nokre tilfelle.

Den som får startlån må kunne betene lånet over tid, og framleis ha nødvendige midlar att til livsopphold. Det er ikkje stor aktivitet knytt til Husbanken sine midlar til startlån og tilpassing og tilrettelegging av bustad. I 2019 vart det innvilga 1 søknad om startlån og 1 søknad om tilskot til tilpassing.

Flyktingetenesta

Bygland kommune starta opp att busetting av flykningar hausten 2014. Det er i dag tilsett ein flyktingkonsulent i 100 % stilling som har ansvar for busetting og burettleiing, introduksjonsstønad, språkpraksis og generell rettleiing av flykningar. Per i dag er det busett 26 flykningar i kommunen. Alle dei vaksne inngjekk i introduksjonsprogrammet eller følgjer grunnskoleopplæring i Evje og Hornnes kommune.

Flyktingetenesta arbeider tett saman med vaksenopplæringa på Bygland. Flyktingane er i hovudsak busette i Bygland då dette er mest hensiktsmessig med tanke på logistikk og skule, nokre er også busette på Byglandsfjord. I tillegg er det avgjerande kor ein finn bustadar, per i dag er flyktingane busette i både kommunale- og private bustadar.



2.7 Helse

Omtale av eininga

Resultateininga omfattar legeteneste, fysioterapi, helsesjukepleiar, jordmor, psykisk helse og rus, psykiatribustader, støttekontakt og avlastning.

Innleiing

Helsetenesta arbeider ut i frå det til ein kvar tid gjeldande lovverk, retningslinjer og rettleiarar. Tenesta har som mål å arbeide godt saman på tvers av fag for kunne å gi kommunen sine innbyggjarar eit så godt helsetilbod som mogleg. Ved å utnytte kompetansen til kvar enkelt ynskjer eininga å ha god kvalitet på tenestene. Samarbeid med andre einingar i kommunen er òg svært viktig slik at pasientar opplever eit heilskapleg tilbod.

Legetenesta

Kommunen har til saman 1,4 kurativ legeårsverk og 1 LIS1-lege (turnuslege), til saman 2,4 årsverk i kurativ verksemd. Det er tilsett kontorleiar/legesekretær i 100 % stilling og legesekretær i 100% stilling. Kommunen har 50 % felles kommuneoverlegestilling med Evje og Hornnes kommune der Bygland kommune nyttar 25 % stilling. Kommuneoverlegen er spesialist i allmenntmedisin og samfunnsmedisin.

Legekantoret hadde stort sjukefråvær i fyrste halvår av 2019. Legekantoret auka stillinga til kommunelegen med 20% under sjukefråværet og leigde inn lege frå byrå for å kunne avvikle ferien. Det blei eit samarbeid med Evje og Hornnes om nokre pasientar om sommaren der dei stilte med legesekretær og Bygland fekk refusjon for pasientbehandling og legeressurs. Bygland kommune fekk ikkje refusjon for kommuneoverlegestillinga då vi ikkje leverte etter avtale første halvår.

Rettleiing og opplæring av ny LIS1-lege kvart halvår krev at legar og legesekretærar sett av tid til dette arbeidet. Pr. 1.3.20 er det 1161 personar som har fastlege ved Bygland legekantor, ei auke på 36 frå 1.3.19.

Aktivitet

Legekantoret er opent måndag, tysdag og torsdag på Bygland og onsdag og fredag på Byglandsfjord. Helsestasjonen og psykisk helse og rus har eigne lokalar på Byglandsfjord som dei brukar saman. Drift av to legekantor og helsestasjonar har krev ekstra planlegging og arbeid for personalet.

Kommunelegen er tilsynslege på Byglandsheimen og har tilsyn på torsdagar. Tilsynslegen deltek òg saman med tenesteleiar helse i Omsorgsnemnda som handsamar søknadar om tenester og langtidsplass på sjukeheimen. Kommuneoverlegen utfører lovpålagde oppgåver i smittevern og samfunnsmedisin og han deltek saman med tenesteleiarane i PLO og Helse i Interkommunalt Leiarnettverk for helse og omsorgstenestene i Setesdal. Kommuneoverlegen er og helsestasjonslege og er rettleiar for LIS1-legen.

LIS1-legen er på helsestasjon for ungdom ein ettermiddag i veka saman med helsesjukepleiar. Tenesteleiar er Setesdals kommunane sin representant i samhandlingsråd for psykisk helse og rus på Agder, og kommuneoverlegen deltek i Akutt medisinsk råd på Agder. Kontorleiar deltek på nyetablert fagnettverk i Setesdal.



Legevaktordning

Lokal legevakt er etablert med Evje og Hornnes som vertskommune. Alle legane på Bygland legekontor deltek i vaktordninga som er 15.30-23 på kvardagar og 08-23 i helga og på heilagdagar. Legevakta i Arendal dekker beredskapen for resten av døgnet. Frå 17.6 til 1.11 hadde ikkje kommunane lokal legevakt på grunn av legemangel, Arendal legevakt hadde då beredskap for begge kommunane.

Fysioterapitenesta

Kommunen har 75 % driftsavtale med sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut, og kjøper kommunale tenester av denne. Fysioterapeuten har sitt arbeid innan alle dei kommunale helsetenestetilboda og møter i Omsorgsnemda annan kvar torsdag.

Helsestasjonstenesta

Helsestasjonen skal bidra til førebyggjande arbeid og auke fysisk og psykisk trivsel hos barn og unge, gravide kvinner og familiar med små barn i tråd med Forskrift for helsestasjons-tenester. Dei tilsette deltek i fagnettverk i Setesdal.

Helsesjukepleiar

Kommunen har 90 % fast stilling som helsesjukepleiar. Helsestasjonen har gjennom det siste året fått utdanna helsesjukepleiar og på den måten fått styrka det faglege grunnlaget for tenesta. Ho blei ferdig utdanna helsesjukepleiar i 2019 og starta på masterutdanning, men ut på hausten søkte ho permisjon frå utdanninga inntil vidare.

På helsestasjonen for dei minste har målet vore å sette fokus på konsultasjonar der dei har god tid til det praktiske som vaksinasjonar og dei oppsette kontrollane i forhold til retningslinjene, men også god tid i forhold til samtale med foreldre/ føresette og barna deira. På denne måten ynskjer helsestasjonen å få trygge og gode foreldre for barna. Helsesjukepleiar opplever også at dette er relasjonsskapande og samarbeidet mellom med familiane blir godt.

Det er eit svært godt samarbeid med helsestasjonslege, og legen er lett tilgjengeleg om det er spørsmål som dukkar opp i løpet av konsultasjonane. Dette er også med å trygge rammene rundt helsestasjonen.

Helsestasjonen opplever ein jamn og god aktivitet. Foreldre tek også kontakt utanom om det er noko dei lurar på inne i mellom oppsette timar. Helsestasjonen er også på Facebook og Instagram der det blir lagt ut generell informasjon og tips og ulike råd om det aller meste.

Bygland kommune fekk midlar frå Helsedirektoratet til 50 % stilling som vikar eit år i skulehelsetenesta. Dette har styrka tenesta slik at det har vore mogleg å ha helsesjukepleiar på skulane ein dag i veka. Ho har hatt individuelle og gruppesamtalar med born og unge og samarbeid med tilsette på skule og barnehage. Tenesta er sårbar når det berre er ein tilsett.

I psykisk helse- og rustenesta er det personale med kompetanse og utdanning i psykisk helse- og rusarbeid. 20 % av helsestasjonen er styrka med tilsette med denne kompetansen. Dei gir eit tilbod til dei eldste ungdomane med psykisk helse- og rusutfordringar. Ein av dei tilsette har



utdanning i motiverings-samtalar for hasjavvenning og deltek i interkommunal gruppe for hasjavvenning.

Det er blitt gjennomført to møter i Tverretatleg team for born og unge som har hatt godt oppmøte med bland anna Ungdata-resultata som tema.

Aktivitet

Helsestasjonen omfattar alle born frå 0-18 (20) år, fordelt på helsestasjonsarbeid og skulehelseteneste. Alle born før skulestart får innkalling og tilbod om helsekontroll saman med fysioterapeut. Helsesjukepleiar gir aktuelle, anbefalte vaksiner, individuelt tilpassa.

Vikaren i skulehelsetenesta har vore tilstades på oppvekstsentera ein dag i veka. Helsesjukepleiar har vore på KVS og på helsestasjon for ungdom. Dei deltek i ansvarsgruppemøter og har godt samarbeid med andre eksterne aktørar.

Jordmortenesta

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune. I Bygland kommune var det 6 fødsjar i 2019. Bygland har 20 % stilling som jordmor og 40 % stilling til følgjeteneste for fødande som har lengre reiseveg enn 1½ time. Følgjetenesta blir delt mellom jordmødrene i begge kommunane. Følgjetenesta blir finansiert av SSHF. Det er avtale om å hospitere i SSHF ei veke i året for å sikre kompetansen til jordmor. Jordmor og helsesjukepleiar samarbeider godt for å gi eit godt tilbod til familiane under svangerskap og etter fødsel.

Psykisk helse og rus

Målet for tenesta er å fremje psykisk helse ved å førebygge, hjelpe og behandle vaksne menneske med psykiske lidningar og rusavhengighet i kommunen. Det var i 2019 1,45 stillingar fordelt på fire personar med psykiatri-, rus- og aktivitør- kompetanse.

Aktivitet psykisk helse og rus

Brukarar av tenesta blir gitt oppfølging ved enkeltvedtak. I 2019 hadde psykisk helse og rus 41 brukarar, vaksne og ungdom som fekk tenester. Det er til ei kvar tid om lag 20-25 pasientar som nyttar seg av tilbodet.

Brukarane får oppfølging i heimen, eller ved samtalar på kontoret. Ein del av brukarane har store og samansette psykiske- og rusrelaterte lidningar og har difor behov for tett oppfølging og koordinering av tenestene. 5 av brukarane hadde Individuell Plan der koordinator er tilsett i psykisk helse og rus tenesta. Tenesta inneheld også eit dagtilbod som blir nytta av 6- 8 personar som har ope på torsdag på Byglandsfjord.

Tenesta samarbeider med dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta. Personalet får jamleg rettleiing ved DPS Aust-Agder, psykiatrisk poliklinikk Vest. Dei tilsette deltek i Fagnettverk psykisk helse og rus som er eit interkommunalt fagnettverk i Setesdal. Målet for nettverket er kompetanseheving og erfaringsutveksling mellom kommunane. Tilsette hos Fylkesmannen og representantar frå SSHF deltek også i nettverket. Det blir og arrangert felles fagdag med ulike aktuelle tema for alle tilsette i kommunane ein dag i året. Interkommunal ruskoordinator er ansvarlig for fagdagen.



Ein tilsett har opplæring i Hasjavvenningsprogrammet. Det er eit tilbod om hasjavvenning, bevisstgjeringsamtalar, foreldresamtalar og undervisning til skule og samarbeidspartnarar. Alle kommunane i Setesdal har etablert tilbodet og har gruppe saman med interkommunal ruskoordinator.

Bygland kommune er Av-og-til kommune og arbeider med haldningsskapande arbeid for et godt alkovett i samfunnet.

Psykatribustadar

Bygland kommune har eit bustadtilbod for menneske med psykiske lidningar. Dette er eit tilbod til 4 brukarar med alvorlige og samansette lidningar som treng bistand og trening for å mestre dagliglivet. Det er tilsett 2,25 faste stillingar i bustadane som dekker dag, kveld og helgebemannning. Heimesjukepleien har ansvar for medisinar og gir tenester til ein brukar dei vaktene det ikkje er personale på jobb. Dei tilsette utfører praktisk bistand, ADL trening, oppfølging av fysisk og psykisk helse, deltek saman med bebuarane i sosialt fellesskap, fysisk aktivitet.

Støttekontakt og avlastning

Kommunen gav i 2019 6 born og ungdom og 2 vaksne enkeltvedtak på støttekontakt og avlastningstilbod. Det er òg eit tilbod om auka støttekontakt og avlastning for born og ungdom i skuleferien. Tenesteleiari helse har ansvar for sakshandsaming og rekruttering av avlastning og støttekontakt. Det er oppretta ansvarsgrupper og fleire av mottakarane har Individuell Plan. Vernepleiarar i habilitering har oppgåva med å vere koordinator for Individuell Plan. Ansvar for koordinerande eining og sakshandsaming er ein del av oppgåvene til Omsorgsnemda. Dette sikrar betre tverrfagleg samhandling mellom tenestene. Det er utfordrande å få tak i personar som vil være støttekontaktar og ha avlastning i eigen heim.

2019 var eit utfordrande år for helsetenesta på grunn av stort legemeldt sjukefråvær, men alle hadde eit stort fokus på å levere gode tenester og halde dei økonomiske ramane for eininga.

2.8 Pleie og omsorg

Omtale av eininga

Hovudoppgåva til eininga er å yte tenester til eldre, utføre, psykisk utviklingshemma og andre innbyggjarar i kommunen som i periodar har hjelpebehov. Eininga består av tre avdelingar: Byglandsheimen, open omsorg og habilitering. Det er felles leiing og administrasjon for heile eininga. Eininga disponerer ein sjukeheim med tilknytt bufellesskap, omsorgs- og aldersbustader, samt eit bemanna bufellesskap for psykisk utviklingshemma på Byglandsfjord."

Leiing og administrasjon

Leiinga består av tenesteleiari og 2 avdelingsleiari. Tenesteleiari har ei delt stilling mellom stabseining for plan og utvikling (40 %) og PLO (60 %). Avdelingsleiari har ei delt stilling mellom administrativt og operativt arbeid (80/20). Det er og ein merkantil ressurs til støtte for leiinga innan områda HR, økonomi og innkjøp. Høyrsele-, syns- og hukommelseskontakt og ergoterapeut inngår og i administrasjonen.



Byglandsheimen

Avdeling Byglandsheimen har ansvar for ei langtidsavdeling med 10 institusjonsplassar, 6 korttidsplassar til rehabilitering og avlasting, og 6 plassar i bufellesskap for bebuarar med hukommelses- og kognitivt relaterte problem.

Pr 31.12.19 var det 10 bebuarar på langtidsplass og 5 bebuarar i bufellesskapet. Belegget på korttidsplassane har vore jamt høgt gjennom heile året. Byglandsheimen har støttefunksjonar innan kjøkken og reinhald.

Det er ikkje venteliste på institusjonsplass.

Open omsorg

Avdeling open omsorg har hovudansvaret for helsetenester til heimebuande med hjelpebehov i kommunen. Dette inkluderer og dei som bur i omsorgs- og aldersbustadar, samt bufellesskapet for eldre. I tillegg har avdelinga ansvar for praktisk bistand i heimen («heimhjelp»), administrasjon av ulike hjelpemiddel, matombringning og tryggleiksalarmar.

Pr 31.12.19 var det i 48 brukarar som fekk helsetenester frå open omsorg, og 51 brukarar som fekk tenesta praktisk bistand (heimhjelp). 6 av 8 omsorgsbustadar, 6 av 6 plassar i bufellesskapet for eldre og 2 av 8 aldersbustadar var ved årsskiftet bebudd. Det var 29 brukarar som har tenesta tryggleiksalarm (velferdsteknologi). Alle tryggleiksalarmar i kommunen er digitale.

Habiliteringstenesta

Avdeling for habilitering har ansvaret for oppfølging og praktisk bistand til heimebuande psykisk utviklingshemma i bufellesskapet på Byglandsfjord, samt andre innbyggjarar som har behov for tenesta habilitering. I tillegg har avdelinga hovudansvar for koordinatortenesta mot brukarar i kommunen som har individuell plan.

Det var pr 31.12.19 totalt 5 bebuarar i bufellesskapet og 4 unge brukarar som hadde individuell plan med koordinator frå avdelinga.

Bemanning

Eininga hadde totalt om lag 42 årsverk (fast tilsette) pr. 31.12.19. I tillegg hadde eininga 2 ordinære lærlingar innan helsearbeidarfaget, og 1 tilsett på tiltak i regi av NAV.

Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar i 2019

- Gjennomført jubileumsveke i samband med 60-års jubileet hausten 2019.
- Kjøpt inn nytt inventar til heile Byglandsheimen til jubileet med midlar frå gåvefondet.
- Kontinuerleg fokus på å auke kvaliteten på tenestene.
- Fokus på forbetnings- og kvalitetsarbeid i eininga.
- Auka fokus på kvardagsrehabilitering og bruk av ergoterapeut i denne samanheng.
- Kompetanseheving innan relevante fagfelt er gjennomført.
- God deltaking i helseregion Agder sitt utviklingsarbeid for sektoren.



Utviklinga framover – målsettingar for PLO

- ❑ Halde fram med eit sterkt fokus på forbetnings- og kvalitetsarbeid for å bli enda meir kosteffektive, og bidra til kommunen si målsetting om å redusere driftskostnadane frå 2021.
- ❑ Utviklingsarbeid i høve til arbeidstidsordningar og organisering for å utnytte kapasiteten på ein kosteffektiv best mogleg måte.
- ❑ Oppretthalde eit godt tilbod til innbyggjarar med hjelpebehov innanfor gjeldande rammer.
- ❑ Evaluere og tilpasse tenestetilbodet til det eksisterande behovet og tildelt økonomisk ramme.
- ❑ Tiltak for å utvikle aktivitetstilbodet til våre brukarar, både inne og ute.
- ❑ Betre utnytting av potensialet som ligg i velferdsteknologi.
- ❑ Auke kompetansen i alle avdelingar innan kvardagsrehabilitering.
- ❑ Vidareføre fokus på kompetanseheving av tilsette, både internt og i samarbeid med høgskule/universitet.
- ❑ Fokus på arbeidsmiljø, samarbeid, trivsel m.a. i alle avdelingar – og redusere sjukefråvere gjennom målretta førebygging, oppfølging og tilrettelegging.

2.9 Drift og forvaltning

Omtale av eininga

Drift og forvaltning utøvar tenesteyting på fleire nivå, både internt i organisasjonen og for kommunen sine innbyggjarar. I grove trekk er hovudoppgåvene som følgjer:

1. *Drift og vedlikehald av bygg, anlegg (VA) og infrastruktur (veg og grøntanlegg)*
2. *Sakshandsaming og oppfølging jf. ca. 25 ulike lovverk*
3. *Ulike prosjekt innføre investeringsbudsjettet og andre prosjekt*
4. *Personal- og økonomiansvar*

Styringsmål 2019

- ❑ Bygland kommune sine verdiar skal leggjast til grunn for våre handlingar,
- ❑ Arbeide for å oppnå kommuneplanen sine målsetjingar,
- ❑ Halde tildelt økonomiske ramme og fokusere på arbeids- og kostnadsreducerande tiltak som gjev trivsel og handlingsrom for framtida,
- ❑ Fokuserer på forvaltningsregelverket og lovleg ivaretaking av alle brukarinteressene.
- ❑ Søkje å vere i framkant med publikumsinformasjon,
- ❑ Arbeide for eit lågt sjukefråvær ved å førebyggje, inkludere og følgje opp med tilrettelegging der det er mogleg,
- ❑ Samverke internt og med andre einingar og eksterne brukarar med ei målsetjing om å «gjere kvarandre gode»,
- ❑ Drifte bygg og anlegg til beste for brukarane og innbyggjarane sitt beste,
- ❑ I dei tilfella der det oppstår økonomiske og tidsmessige utfordringar så skal handlingsaktiviteten til eininga prioritere Oppvekstsentra, Byglandsheimen, aldersbustadane, og habilitering inkl. dagsenteret samt vassverka og kloakkreinseanlegga.

Interne faghandlingsplanar for drift, vedlikehald og fagadministrasjon er forankra i gjeven budsjettamme, lovverk og faglige vurderingar. Saman med kommunen sine eigne vedtak utgjer desse den gyldige styringsinformasjonen og skal forklåre handlingsmønsteret i 2019.



Dei viktigaste hendingane gjennom året

Mykje aktivitet utløysar ofte fortløpande vurderingar i høve endringar som må skje for å finne løysingar. Ein del planlagde ting må gå ut eller setjast på vent for å løyse oppståtte og ikkje planlagde hendingar / saker. Investeringane DFV har hatt eigarskap til i 2019 er synleggjort i rekneskapskjema 2B (kapittel 1.5).

Handsama saker:

År	Inngåande brev	Utgåande brev	Saker til politisk handsaming
2019	1 113	956	60
2020	1 669	1075	52

Fiskebiologen

Blekeprosjektet:

Det er gjennomført vassprøvetaking i Otra frå Valle i nord til Kvålsåni i Bygland 11 gonger i løpet av året. Prøvene vert sendt til NIVA. Det er ført tilsyn og kontroll med pH-meter av dei automatiske loggestasjonane for pH og vassstemperatur ved Ose og Nomeland.

Arbeidet med tiltak for stimulering av naturleg reproduksjon av bleka er utvida til Otra også nedanfor Byglandsfjord. Fokus er no retta mot Otra ovanfor Ose der det ikkje er nokon etablert gytebestand. Det er fiska med ruse i Åraksfjorden i september-oktober for å registrere kor mykje bleke som finst i området. Fangst av bleke og aure på strekninga Vassenden - Kilefjorden er registrert som bestemt i årsplan. Det er ikkje aktuelt med noko utsetting av fisk i denne delen av vassdraget (unnateke forsøksutsetting av merka bleke). Årleg skal det registrerast fangst av bleke, aure, sjebbe (abbor) og ørekyt i dette området. Dette blir gjort av grunneigarar. Målet er å auke interessen for sportsfiske og næringsfiske. Det er og arbeida med noko historisk materiale om bleka.

Handlingsplan for fjellmagasina i regulerte vatn i Otravassdraget:

Materiale frå prøvefiske i Store Urevatn og Skargjesvatn er bearbeida og rapport er utarbeida. Her vart det fanga stort sett berre merka fisk, det vil seia fisk frå utsetting frå Syrtveit Fiskeanlegg. Det betyr at fiskeutsetting må halda fram her.

Fiskebiologen er sekretær i Vassdragsstyret for øvre Otra. Årsmøte vart avikla i mai. Tiltaksgruppa for rydding av krypsiv (AU- Krypsiv) hadde ei samling med synfaring i juni for å finne dei mest aktuelle områda for rydding av krypsiv. I 2019 var det Valle kommune sin tur. Eit forsøk leia av Krypsivprosjektet på Sørlandet og NIVA vart gjort i vår del av Otra. Utvalde område i Rysstadbassenget vart rydda for krypsiv av Amfibieservice. Forsøket held fram neste år. Formålet med prosjektet er å finne ut alle verknader av tiltaka.

Sekretæren møter for vassdragstyret i Krypsivprosjektet på Sørlandet, og i innlands-fiskerådet i Agder. Det har vore 2 møte i 2019.

Fiskebiologen deltok i seminar om marin og vassdragsforsøpling.

Vassdirektivet:

Lokal tiltaksanalyse for vassområdet Otra vart ferdigstilt. Det var eit møte i samband med dette og eit arbeidsmøte med prosjektleiar for Vassområdet. Det er no arbeid i gang for å gjennomføra tiltaksplanen og det er rapportert inn til Vassregionen.



Innlandsfiske i Byglandsfjorden og Otra nedstraums Byglandsfjorden:

Sekretær i Innlandsfiskerådet i Agder har assistert og vidareført planane om stimulering av fiske i Byglandsfjorden. Planane om næringsfiske er framleis på utgreiingsstadiet.

Stillinga har vore prega av heil eller delvis sjukmelding gjennom året.

Jordbruket

Tabellen under gjev eit oversyn på tal søknadar innaføre dei vanligaste tilskottsordningane i jordbruket.

Ordning	2017	2018	2019	Merknad
Produksjonstilskott	27	34	35	Fom. 2018 er det bare ein søknad pr år
Reg miljøprogram	17	15	19	Søknadsfrist hausten
Organisert beitebruk	3	3	3	Søknadsfrist hausten
Kommunalt jordbrukstilskott	3	2	2	2 prosjekt ferdige
SMIL saker	3	3	15	
Innovasjon Norge	3	1	1	
Erstatning for turkeskade	0	19	0	Sommaren 2018 var ekstrem i høve turkeskade.

Gjennom 2019 blei det tilført om lag 20 % meir stillingsressurs for å handsame tilskottssaker i jordbruket m.v. Dette er positivt med tanke på kvalitet på arbeidet og raskare responstid.

I 2019 var det revidering av AR5, gardskart. Det genererte noko meirarbeid i samband med produksjonstilskottssøknadane. Når det gjeld SMIL-ordninga, så har det vore eit positivt oppsving. Tildelte midlar for 2019 blei tidlig brukt opp og ein fekk tildelt kr 74 901 i ekstra overføring. Midla kom frå andre kommunar som ikkje greidde å nytte sine tildelte midlar.

I tillegg til tilskottsforvaltninga så er jord- og konsesjonslovshandsaming m.v. ein del av oppgåvene innan jordbruksforvaltninga.

Skog og utmark

- Nærings- og miljøtiltak i skogbruket, NMSK (34 søknadar i 2019)
- Forvaltning av skogfondsordninga og rentemidlar (75 refusjonskrav i 2019)
- Foryngings- og resultatkontroll
- Barkebilleregistrering
- Koordineringsansvar for Skog-kurs.
- Godkjenning og registrert nye landbruksveggar
- Rådgjeving og oppfølging av faghjelpordninga
- Forvaltning av viltfondsmidla
- Registrering og oppfølging av «Sett elg» og «Sett hjort» skjema og fallvilt i Hjorteviltregisteret
- Koordinering av fallviltarbeid
- Gjennomføring av 3 jegerprøveeksamenar, 14 kandidater
- Villreinprosjekt i Setesdal Austheia. Deltake i arbeidsgruppe 3. som arbeider med ferdsel.
- Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell, prosjekt i regi av SVR. Deltek i gruppe som arbeider med *kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge*.



- ❑ Synfaringar og godkjenningar i samband med erosjonssikring i Byglands- og Åraksfjorden.
- ❑ Sakshandsamar på revisjon av konsesjonsvilkåra i Otravassdraget
- ❑ Synfaringar og uttalar i samband med kraftverk.

Skog:

Tabellen syner registrert avverka tømmerkvantum og brutto tømmerverdi i Bygland kommune. Avverkingstala famnar om alle treslag.

År	Kubikkmasse m ³	Verdi i Kr
2017	19 661	6 849 155
2018	8 570	2 952 051
2019	12 259	4 726 339

Tømmeravverkinga auka noko i 2019 samanlikna med 2018. Tilgangen på hogstmaskin i kommunen var vanskeleg i fyrste halvdel av året. I 2019 har det vore relative gode tømmerprisar som gjer at større delar av skogarealet i Bygland har vore lønsamt å avverke.

Tabellen syner utført skogkultur i Bygland kommune frå 2017-2019:

År / Skogkultur	Planting	Markflekking	Ungskogpleie
2017	38 000 stk.	116 daa	409 daa
2018	40 950 stk.	124 daa	317 daa
2019	22 000 stk.	10 daa	553 daa

Planteaktiviteten og markflekking er redusert bl.a. pga. låg avverking i 2018. Ungskogpleie har auka noko samanlikna med dei seiste åra.

Skogsvegbygging:

Tabellen syner bygde landbruksveggar i Bygland kommune frå 2017 til 2019.

År	Anlegg	Nyanlegg bilveg kl. 3 - 5	Ombygging bilveg	Traktorveg kl. 7	Traktorveg kl. 8
2017	0				
2018	3	120 m		75 m	1 200 m
2019	6		160 m + utviding av 4 snuplassar		2 245 m

I 2019 er det gitt fem løyver etter landbruksvegforskrifta til bygging av landbruksveg. Ein søknad gjeld ombygging av veg til enklare bilveg i vegklasse 5, ein søknad er tung traktorveg og tre søknader gjeld enklare traktorveg. To av desse vegane er ferdigstilt i 2019. Øvrige bygde vegar er løyver gitt i 2017 eller 2018.

Skogfond og rentemidlar:

Tabellen syner samla inn- og utbetalingar, og saldo ved årets slutt for skogfondskontoane i Bygland kommune.

År	Innbetalt skogfond	Innbetalt tilskot	Utbetalt (skogfond og tilskot)	Saldo 31.12
2017	1 172 128	113 327	983 400	4 505 452
2018	327 822	218 046	658 004	4 393 316
2019	977 235 *		684 239	4 686 312

* Inkluderer og innbetalt tilskot



Renter frå inneståande skogfondsmidlar går inn på ein eigen konto. I 2019 kom det inn 69 315 kr i renter. Midlane skal brukast til fellestiltak innan skogbruk. Fylkesmannen godkjenner budsjett som kommunen utarbeider kvart år. Omlag 35 % av midlane er øyremarka til kommunale tiltak. Frå tidlegare år med høgare rentefot er det spart opp midlar på rentemiddelkontoen. Saldoen ved årets inngang var vel kr 328 945 og ved utgangen av året var den auka til kr 349 833. Auken skuldast at vi fekk dekt alle utgifter til faghjelp ved bruk av NMSK-midlar frå Fylkesmannen i år.

Felte dyr:

Elg:

Det er godkjent åtte elgvald i kommunen. Av desse har seks utarbeidd egne bestandsplanar for perioden 2016 - 2020. To mindre vald, Ånebjør og Vestre Kile, får tildelt årleg kvote i frå kommunen. Det vart gjeven 120 fellingsløyver i 2019. I 2015 og 2016 var Bygland kommune den kommunen det vart felt flest elg i Aust-Agder. I 2019 låg vi som nr. 3. Det er ein tendens til at det blir færre store elgoksar i kommunen.

Tabellen syner felte elg i Bygland kommune i perioden 2011 til 2019:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Felte elg	124	117	109	104	102	100	76	96	82

Hjort:

Hjortestamma i kommunen har vore nokonlunde stabil dei siste åra vurdert ut frå avskjoting. Dei seks største valda i kommunen fekk tildela 62 dyr totalt i 2019. I 2018 var det ein markert nedgang i felte hjort. Nedgangen skyldast truleg store snømengder vinteren 2017/18 og god bestand av gaupe. Stamma tykkjast auka noko igjen i 2019.

Tabell syner felte hjort i Bygland kommune i perioden 2011 til 2019:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Felte hjort	19	21	21	20	19	19	18	11	20

Rådyr:

Talet på felte rådyr i kommunen har vore låg i fleire år. I 2010 vart det felt 81 rådyr i kommunen. I Bygland har vi hatt ein stabil bestand av gaupe over fleire år som truleg er medverkande årsak til låge fellingstal på rådyr. Nedgangen i 2018 skyldast truleg store snømengder vinteren 2017/18 i tillegg til relativt høg bestand av rev og gaupe.

Tabellen syner felte rådyr i kommunen frå 2011 til 2019:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Felte rådyr	36	47	15	25	20	34	30	20	30

Viltfond:

Valda betalar inn fellingsavgift til kommunen for felte elg og hjort. For dei 82 felte elgane og 20 felte hjortane i 2019 fakturerer ein valda for kr 40 330 i fellingsavgift. Utgifter til fallviltarbeid og tilskot bestandsplanar m.m. blir dekt av viltfondet.

Fallvilt:

Tabellen syner fallvilt som er registrert i Bygland kvart år frå 2017 til 2019:



År	Regist- rerte fallvilt	Påkøyrd av bil	Elg på- køyrd av bil. Døde- leg utfall	Rådyr på- køyrd av bil. Døde- leg utfall	Hjort på- køyrd av bil. Døde- leg utfall	Sjukdom, rovdyr m.m. Død- leg utfall	Fallvilt andre med dødeleg utfall	Frisk- meldt eller ikkje funne
2017	19	14	2	8	2	5	0	2
2018	24	13	0	5	0	11	0	8
2019	20	10	3	5	0	10	1	1

Motorferdsel i utmark:

Bygland kommune brukar mykje tid på motorferdselssøknadar. Snøskuterløyver er som oftast gjeldane for 4 år av gongen. Ved førre 4 års periode 2015 – 2019 handsama vi totalt 731 motorferdselssøknadar. Pr. 30.04.2019 gjekk alle gjeldane løyver ut. Vi var tidleg ute i haust og annonserte at ein måtte søke om nytt snøskuterløyve for inneverande periode. Mesteparten av innkomne søknadar vart handsama før årsskiftet.

Tabellen syner gjevne løyver i 2019 og gjeldane løyver fordelt på § 5 -, og § 6 snøskuterløyver gjeven etter forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og etter § 6 gjevne etter lov om motorferdsel i utmark.

År	Handsama saker	Snøskuter- løyver § 5 forskrift	Snøskuter- løyver § 6 forskrift	Helikopter- løyver § 6 etter lova	Avslag
2019	374	356	5	11	2
Gjeldane løyver 31/12-19	344	340	2	2	

Plan, kart og oppmåling m.m.

I 2019 har det vorte avhalde 6 planoppstartsmøter for private tiltakshavarar. To av desse reguleringsplanforslaga er under handsaming.

Det er pr. 14.02.2020 tildelt 1421 offisielle adresser som tilsvare ei dekning på 75,54 %. Dei resterande 24,46 % er bygningar tilknytt namnet Skomedal/Skåmedal. Skrivemåten er ennå ikkje endeleg vedteke og ligg hjå Statens kartverk for endeleg avgjersle. Ein del bygningar på heiane har me heller ikkje nådd ennå.

Alle som skal få tildelt offisielle adresser vert tilsendt eit førehandsvarslingsbrev om adresseendring, og etter klagefrist vert det sendt ut eit nytt vedtaksbrev til alle om tildeling av offisielle adresser og verknadsdato.

Digitalt planarkiv: Det ligg no føre digital kartbase over dei fleste reguleringsplanane i Bygland, men innsynet er ennå ikkje komplett. Eldre planar si form og vanskar med å finne vedtaka tilbake i tid er ei utfordring å høve å få dette komplett.

I 2019 vart det gjennom Kartverket sett i gong ein digitaliseringsjobb av 5 eldre reguleringsplanar og kvalitetsheving av 2 andre reguleringsplaner. Planane er ferdig digitaliserte og vert lagt inn i planinnsyn.

Planregisteret inneheld vedtak, føresegner, plankart og andre relevante dokument til planen. Planinnsyn er publisert på vår heimeside , under linken *Kart*.



Kart - og oppmålingsforretningar blir gjennomført med eige mannskap gjennom sesongen. Saman med oppmålingsforretningar høyrer det og til arbeidet å sende ut innkalling, skrive protokoll, journalføring, matrikkelføring og utsending av matrikkelbrev. Det ligg og til funksjonen å følgje opp dei sakene der det føreligg krav om samanslåing av parsellar, og eventuelle slettingar av heftingar i samband med tinglysing av arealoverføring.

År	Kart og delingsforretning utført i matrikkel	Jordskiftesaker utført i Matrikkel	Areal – overføringer for SVV	Avslutta rekvisisjonar / Matrikkelføringar
2016	49 stk.	0	2 stk.	47 stk.
2017	27 stk.	0	1 stk.	25 stk.
2018	22 stk.	1 stk.	3 stk.	19 stk.
2019	43 stk.	4 stk.	6 stk.	43 stk.

Geovekst/nykartlegging:

Bygland kommune er med i Geovekstprosjektet. Dette er eit samarbeid med kartverket, Statens vegvesen, Agder Energi AS, Telenor og Fylkesmannen si landbruksavdeling. I 2019 vart det utført ein del eigeninnsats i form av signalering og innmåling av signaleringspunkt i samband med nykartlegging.

I 2019 vart det utført flyfotografering over Byglandsfjord og frå Ose til Langeid. I desse områda skal FKB dataene oppdaterast. Nye FKB data er ikkje ferdigstilte endå.

I geovekstprosjekta er det og avtale om at kommunen skal utføre oppdatering og ajourhald av ulike FKB datasett. Oppdatering og ajourhald vert utført kontinuerleg.

I Bygland kommune har det mangla eigedomskart i store delar av vestheiane nord. Kartverket hadde data frå eit kartleggingsprosjekt frå 60-tallet, desse dataene har kommunen motteke. Det har vore og eit tidkrevjande prosjekt. Det skal utarbeidast kart og sendast til alle grunneigarane om stadfesting av eigedomsgrensa. Det som står att å registrere her er nokre grenser i utmarka på Tveit, Heggland, Ose og intern grense på Ånebjør.

Det har også vore ein del matrikkelopprettingar i samband med overgangen til nytt kommunenummer 4220 ved nyttår. Kartverket har sendt oss feillister som kommunen hadde frist til å rette før overgangen.

Prosjektet «hyttefeiiing» har også generert noko matrikkeloppretting som tildeling av brukseining, kopling mellom bygning, adresse o.l.

Personal

Dei sjukemeldingar som har vore, er relaterte til fysiske sjukdomsårsaker.

I samband med 3 pensjonistavgangar gjennom 2018 / 2019 er det tilsett nytt personale med noko omdefinert stillingsomtale.

Tenesteleiar har vore styrerepresentant i styret for Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

Ei utfordring gjennom åra er å få samsvar mellom kva som er mogleg å gjennomføre med gjevne ressursar og forventningar internt og eksternt. Ulike hendingar som ikkje kan



planleggjast oppstår og det vil gjennom eit år alltid vere behov for å omprioritere utifrå oppsette planar, noko som i neste omgang går ut over oppsette planar, målsetjingar og forventingar.

Den største utfordringa for eininga er stort tidspress. Forventa oppgaveløysing innan sakshandsaming, drift og investeringsprosjekt kjem frå mange nivå. Statleg nivå, internt frå andre einingar, frå politisk nivå og frå publikum.

2.10 VARF (vassverk, avløp/slam, renovasjon og feiing, sjølvkostområde) Dekningsgrad per ansvarsområde

Sjølvkostområde	Dekningsgrad 2019	Dekningsgrad 2018
Vassverk	97,11 %	98,76 %
Avløp	76,96 %	83,95 %
Slam	27,56 %	378,82 %
Renovasjon	115,43 %	106,55 %
Feiing	113,29 %	121,63 %

Vassverk

Samanstilt med budsjett er det eit underforbruk på kr 75 137,-. Mattilsynet hadde tilsyn på anlegga våre, og det blei gitt pålegg om å utarbeide nye farekartleggingar og analyseprogram for alle 4 vassverka våre innan 1.06.2020. Byglandsfjord blei ferdigstilt i 2019, og målsetjinga er å ferdigstille pålegget for Ose, Åraksbø og Bygland innan gitte frist med bruk av eige arbeidskraft.

Avløp

Her er eit overforbruk i høve budsjett på kr 319 410,-. Fleire faktorar påverka. Rente- og finanskostnadar blei kr 216 639 høgare enn budsjett. Bygging av nytt reinseanlegg på Nesmoen starta opp i 2019 og rentekostnadar er blitt aktivert i løpet av året. Overforbruk på sjølvkostrekneskapen a kr 87 476 blir positivt ført på eining 90. Det ligg eit potensiale for å optimalisere drifta av reinseanlegget på Byglandsfjord ved å tenkje ENØK (gjeld alle kommunale bygg) og søkje metodar for endra kjemikaliebruk. Dette vil kunne krevje investeringar i første runde.

Slam

2019 har ikkje vori hovudår for tømning av private slamtankar. Ansvarsområdet er gått i balanse ved å bruke bunde driftsfond. I 2020 er utgangspunktet at driftsfondet blir opparbeida igjen. Dekningsgraden forventast og å bli betydeleg høgare i 2020. Fondet er på kr 72 804 per 31.12.19.

Renovasjon

Ansvarsområdet har gått i balanse. Opparbeida driftsfond på kr 1 353 291 tilsei at renovasjonsavgiftene ikkje treng å aukast i 2021.

Feiing

Her er balanse i sjølvkostrekneskapen. Dei kommunale årsavgiftene er auka med kr 85 537 i høve budsjett. Dette kan forklårast med at det i 2019 blei innført feiing av fritidsbustadar jf. lovkrav. Fondet pr. dato er kr 151 313,- og det er å sjå føre at ansvarsområdet vil balansere greitt framover utan vesentlig auke i avgiftsnivået.



2.11 Store prosjekt

Omtale av rammeområdet

På dette rammeområdet fører ein store driftsprosjekt. Dette for lettare å kunne ha oversikt og kontroll. I 2019 inngår prosjekt opprusting av kommunale vegar, prosjekt Presteneset (bustadprosjekt i Bygland sentrum), reguleringsplan Ose, ras- og flaumsikring og Setesdal Vekst i denne eininga.

Prosjektkostnader

Store prosjekt	Rekneskap 2019
Ras- og flaumsikringsprosjekt	14 063
Prosjekt Presteneset	31 280
Reguleringsplan Ose	267 429
Opprusting av vegar	1 598 291
Setesdal Vekst	610 393
Innkjøp av inventar Byglandsheimen	457 033

Dei tre førstnemnte prosjekta vert dekt av næringsfondet, medan vegprosjektet vert dekt av vegfondet. Setesdal Vekst vert dels dekt av næringsfondet, og dels dekt av tilskot frå Setesdal regionråd. Innkjøp av inventar på Byglandsheimen vert dekt av Byglandsheimen sitt gåvefond.

Ras- og flaumsikringsprosjekt

Kostnaden i 2019 gjeld bestilling av ei flaumhøgdeberekning langs Otra.

Prosjekt Presteneset

Kostnader i 2019 gjeld ferdigstilling av reguleringsplanen.

Reguleringsplan Ose

Målsetjinga er å få på plass ein ferdig godkjent plan innan utgangen av 2020. Kostnadane kan i stort mon koplast til arkeologiske undersøkingar både på land og i Otra tilknytt brupassasjen.

Opprusting av kommunale vegar

Det blei også gjennomført ekstraordinært vegvedlikehald gjennom 2019. Kroner 1 598 290,- blei nytta til utbytting av gateljosarmatur til Led på Byglandsfjord og Bygland. Reasfaltering og grøftereinsk utvalde stadar i kommunen er også utført. Eit beresvakt parti på Gausivegen blei også istandsett. Det står no igjen kr 664 046 av fondet (Opprusting av kommunale vegar 2018 – 2021). Det vil vere uproblematisk å gjennomføre vegvedlikehald av resterande sum i 2020, altså 1 år før prosjektperioden er over.

Setesdal Vekst

Næringsprosjektet Setesdal Vekst løpar frå april 2019 til april 2020. Ein vil leggje fram ein evalueringsrapport av prosjektet innan april 2020.



2.12 Eksterne samarbeid

Omtale av rammeområdet

I 2016 vart det oppretta ei eining for eksterne samarbeid. Dette for å skilje ut dei ulike eksterne samarbeida som låg på ulike einingar i kommunen. Avvik frå budsjetterte kostnader og inntekter ville gi resultatteffekt for einingane utan at leiarane har direkte kontroll med avvika.

Følgjande ansvarsområde inngår i denne eininga: Fellesutgifter (inkl. m.a. skatteoppkrevjar-kontoret), kontrollutvalet, revisjon, Setesdal IKT, PPT, kulturskulen, Aust-Agder museum og arkiv, Setesdal barnevern, legevakt, kommunal øyeblikkelig hjelp (KØH), lokalmedisinske tenester (LMT), Setesdal Brannvesen IKS og Vassdragsstyre for Øvre Otra.

Kommentar

Kostnader og eventuelle budsjettavvik er kommentert under rekneskapsskjema 1B. For utfyllande årsmelding viser ein til dei enkelte samarbeida sine årsrapporter, årsberetningar og årsmeldingar.

2.13 Andre sentrale inntekter og kostnader

Omtale av rammeområdet

Rammeområdet inneheld mva-refusjon, sal av konsesjonskraft, kostnadane mot næringsfondet, sjølvkost, tilleggsføringar løn, samt premieavvik og amortisering av akkumulert premieavvik tidlegare år.

Kommentar

Denne eininga inneheld primært inntekter og kostnader som er kommentert andre deler i årsmeldinga, då i hovudsak i delkapittel 1.3 kor budsjettavvika er kommentert, men ein kan og vise til delkapitla 1.8 og 2.10, kor høvesvis bruk av næringsfond og ansvarsområda for sjølvkost (VARF) er kommentert.

